År man ovan kan man följa poesi-redaktören Jan Olov Ulléns råd: läsa dikterna på jakt efter *aforismer*, knivskarpa och lättburna formler som man finner överallt i Vennbergs texter. Eller så gör man som Birgitta Trotzig och Agneta Pleijel i *Du är min landsflykt* (1990): Man följer Vennberg genom hans vidsträckta och mångfacetterade erotiska diktning. Kärleken, menar de, «minnet av den, dess bländningar och sken, dess svidande frånvaro eller återfödelse» är själva centrum i Vennbergs författarskap. Håkanssons tips är inte heller så dumma: med fördel kan man söka efter *poesin* i Vennbergs kritik; också i den skrivarten är han, som Hauge i sina dagböcker, en mästare på små ytor. — Det är som hos Ekelund, poesin blommor upp mitt i prosan/kritiken.

Formuleringsar till Vennbergs egen estetik kan man finna redan i hans tidiga artiklar. I en recension av Sven Alfons *Ensamhetens himmelhuva* (1942) talar han om hur man i samlingen finner «en utmanande formell vårdslöshet». Men det rör sig om en vårdslöshet som ofta döljer «den mest bitterrtydigt genomförda poetiska beräkning». ⁵² Är det inte så det fungerar hos Vennberg själv? Och hos Hauge ibland?

Ta en dikt som «Kan glädjen» i *Vårövning* från 1953, kanske en bagatell:

Kräv inte att glädjen ska visa stadig hållning
som Gränges eller Coca-Cola.
Vad vet vi om den? Att den plötsligt finns där
som skogslindens röda stipler.

Den faller tillbaka, väntar inte
medan du överbringar dina budskap?
Efteråt vaknar du till och förebrär den
att den inte har följt dig som en fägeldrill.

Men hur kan glädjen veta var du häller hus
mellan skymningens trötta diagonal
och de bleka uppdragsgivarna i gryningen?⁵³

Hur ska man läsa en sådan dikt? Just som en formellt vårdslös dikt — en sonett-torso, med sina två kvaderner och enda terzin och det avslutande frågetecknet? Kanske får man nöja sig med att stip(u)lera några egna glädjämnen, om man inte vet vad «stipler» är för något. Vi vet ju ändå vad det handlar om, hur «glädjen» bara plötsligt finns där. Men förebräelsen i sista strofen, var kommer den ifrån? Och vad gäller den? Uppmärksamheten, självmomsorgen, kanske.

Placeringen är klar — vi befinner oss mitt i kapitalets sekel, där till och med levnadskonstens tankar självklart och omärkligt infiltreras av nyttotänkandet. Börsmekanismerna, Gränges och Coca Cola, har gått in både som kulturellt slagg och som en

slags omedveten «logik» — också hos den som vill vara socialt medveten och aktivt gripa in. Hos den, Vennberg själv till exempel, som tror att man ena stunden kan överbringa mer eller mindre nödvändiga «budskap», blanda sig i debatten, ta ställning. Och att det sedan är lika lätt att gå tillbaka till några tänkta fri-zoner, fritidens eller kulturens; lätt att nå kontakt med den nödvändiga och djupt personliga inspirationen. Det ser ut som ett stycke ekelundsk samhälls- och själv-kritik.

Glädjen opererar på egen hand. Den har tydlichen inget att göra med det aktiva livets dagshandlingar, och inte heller med de nattliga utflykterna (ner i driften, i drömmen?). Men kanske är själva öppenheten, uppmärksamheten, ett «uppdrag» som varje morgon ges från gryningen, som möjligheter? Då handlar det om en form av disciplin, om krav man har att ställa till sig själv.

Läser man dikten så, så läser man den möjligen så därför att man vet att man har att göra med en poet som varit långt inne i tankegångar och klimat som han har mött hos Vilhelm Ekelund.

Så, det kan vara hög tid att återvända till Hauges komprimerade formel. Brecht, Rilke, Ekelund, det var så det stod i hans anteckning från maj 1968. «Ekelund — kulturradikalar og aristokrat», skriver Hauge. På raden står «kulturradikalar» till vänster och «aristokrat» till höger. Liksom «Brecht» till vänster och «Rilke» till höger. Skulle Ekelund vara en *syntes*? Det verkar inte rimligt. Jag uppfattar snarare Ekelund som en som vakar över hela dramat, en samvetets instans som Hauge ständigt återkommer till. Dessutom — kunde inte formeln, «kulturradikalar og aristokrat», vara en karakteristik av Hauge själv?

Kanske är det så att *Profil*-gruppen tar till sig, speglar sig i «kulturradikalar»-sidan, Brecht-sidan av Hauge, men ändå ser och beundrar «aristokrat»/«Rilke»- dimensionen? Medan de svenska 40-talisterna, i sin tur, framför allt förhåller sig till «aristokrat»- sidan hos *sin* «Hauge», d.v.s. Ekelund, med hans stränga konstnärmoral och hans konsekventa vägran att dras in i kulturmaskineriet. Däremot hade de svenska 60-talisterna just *inte* den önskan, att ställa sig utanför — tvärtom var många fullt upptagna med att, från de marginaliseringade outsider-positionerna, på olika sätt ta sig in i samhällsdebatten.

Mycket tyder på att de båda författarna arbetar utifrån en strängare antagonism än deras beundrare, visavi kulturen och livet, sådant det nu har kommit att te sig. De drivs snarare av en fundamental motsättning av den art som Nietzsche en gång formulerade som sitt mål, nämligen «att skapa fullständig fiendeskap mellan vår nuvarande kultur och antiken». ⁵⁴ Att Ekelund är en «kulturradikalar» av det slaget — «antiken» ska då inte förstås alltför bokstavligt — är det måhända Hauges stora lycka att ha sett.

NOTER

¹ Olav H. Hauge: *Dräber i østenvind*, oversat af Torben Brostrøm, Borgen, København 2004.

² Se Anne Borup m.fl. (red.): *Modernismen til debat*, Gyldendal/Syddansk Universitetsforlag, Odense 2005.

³ Stefan Helgesson: «Going Global: An Afterword,» i *Literary History: Towards a Global Perspective*, Vol. 3:II, *Literary Interactions in the Modern World*, de Gruyter, Berlin/New York 2006 (forthcoming).

⁴ Det ger Stefan Helgesson en rad exempel på i sin *Efter västerlandet. Texter om kulturell förändring*, Natur och Kultur, Stockholm 2004.

⁵ I nyutgåvan, Suhrkamp Verlag, Frankfurt am Main 2002, återfinns resonemanget i «Nachwort,» 773.

⁶ David Damrosch: *What is World Literature?* Princeton University Press, Princeton/Oxford, 2003; Franco Moretti, «Conjectures on World Literature,» i *New Left Review* 1/2000.

⁷ Olav H. Hauge: *Dagbok 1924—1994*, band IV, Det Norske Samlaget, Oslo 2000. Referenser till dagboken ges löpande i texten.

⁸ I en recension i *Dagbladet* 20.12.1968; jfr. Knut Olav Åmås: *Mit liv var draum. Ein biografi om Olav H. Hauge*, Det Norske Samlaget, Oslo 2004, 386 f.

⁹ Jfr. Birgitta Holm: *Gösta Oswald. Hans liv och verk och hans förbindelse med det svenska 40-talet*, Bonniers, Stockholm 1969, 126—166.

¹⁰ Mats Jansson: *Den siste barden. Ord och bild hos Sven Alfons*, Östlings Bokförlag Symposion, Stockholm/Stehag 2005, 175 ff. resp. 18 f.

¹¹ Carl-Henning Wijkmark: *Samtiden bakom oss. Essäer och kommentarer 1992—2004*, Norstedts, Stockholm 2005, 119; själv har jag läst dikten «Vännerna» i *Elegier* (1903) som ett slags modernistisk experiment — i «Vilhelm Ekelunds sociologiska intermezzo,» i Anna Forssberg m.fl. (red.): *Skönhet men jämväl förfunkt. Festskrift till Sverker Göransson*, Brutus Östlings Bokförlag Symposion, Stockholm/Stehag 2001, 311—317.

¹² Se Carl-Erik af Geijerstams essä «Gunnar Björling och Vilhelm Ekelund,» i *Tankemötet. Essäer och porträtt*, Bonniers, Stockholm, 1992.

¹³ Jfr. min «Litteraturhistoria efter andra världskriget — några tendenser,» i Per Dahl og Torill Steinfeld (red.): *Videnskab og national opdragelse. Studier i nordisk litteraturhistorie*, del II, Nordiska ministerrådet, København 2001, 684 ff.

¹⁴ Vilket naturligtvis inte hindrar att själva 60- och 70-talskonstruktionen — med de postulerat enkelspåriga och politiskt hårdföra författarna — oavbrutet transporteras vidare, man talar om hur «ideologisk korrekthet» och «socialrealism» inte bara kunde finnas, utan till och med krävdes under perioden. Dessvärre meddelas aldrig, i samband med de djärva *Zeitgeist*-konstruktionerna eller decennieöversikterna, några exempel som kunde begripliggöra, alternativt göra tillgängligt för diskussion, vad resonemanget går ut på. Antologierna från perioden uppvisar en helt annan heterogenitet; och kritiker som Madeleine Gustavsson, Åke Janzon, Bengt Holmqvist och Leif Zern marscherade ingalunda skuldra vid skuldra.

¹⁵ Hadle Oftedal Andersen i *Poeten andlet. Om lyrikaren Olav H. Hauge*, Det Norske Samlaget, Oslo 2002, 185; jfr. Åmås 2004, 363 ff.

¹⁶ Boken kom ut på på Bonniers, Stockholm 1973 och kan sedan 2003 fås via Podium, Stockholm (Författares bokmaskin).

¹⁷ Ivar Harrie: *Orientering*, Bonniers, Stockholm 1932.

¹⁸ Jfr. Maurice Blanchots förmä�iga karakteristik av författardagboken i «Den väsentliga ensamheten,» i *Essäer*, urval och efterord Horace Engdahl, Propexus, Lund 1990, 52 f.

¹⁹ Vilhelm Ekelund: *Hemkomst och flykt*, Gleerup, Lund 1972, 37; om Ekelunds sammansättningar, se Mats Eeg-Olofsson: «Kreativ ordmekanik,» i Ingrid Schaar (red.): *Ett nytt språk. Essäer om ord och begrepp hos Vilhelm Ekelund*, Atlantis, Stockholm 2002.

²⁰ Det framgår av de emfatiska understrykningarna på s. 175—176 i hans eget exemplar av boken, som finns i biblioteket i hemmet i Ulvik.

²¹ Enzensberger 2002, 777.

²² Poul Borum: *Opfyldt forventning. Byggesten til en poetik*, Edition After Hand, Ringkøbing 15.10.1984

²³ Hagar Olsson: «Finländsk robinsonad,» i *Quosego* 3/1929, 130

²⁴ Frithjof Strauss: *Soundsinn.Jazzdiskurse in den skandinavischen Literaturen*, Rombach, Freiburg im Breisgau 2003, 202 ff.

²⁵ Jfr. Per Bäckström: *aska, Tomhet & Eld. Outsiderproblematisken hos Bruno K. Öijer*, Ellerströms, Lund 2003, 121 f.

²⁶ Bäckström 2003, 119; se också de av Harding redigerade *Är vi långt från Montmartre? Apollinaire och hans epok i poesi, bild och dokument*, FIB:s Lyrikkubb, Stockholm 1995, Vortex. *Den våldiga virvel i London. Ezra Pound och hans epok 1908—1922*, FIB:s Lyrikkubb, Stockholm 1990 och diktsamlingen *Guillaume Apollinaires fantastiska liv*, Wahlström & Widstrand, Stockholm 1971.

²⁷ Peter Laugesen: *Når engler børser jazz*, Borgen, København 1998, 77.

²⁸ Det var Sven Lindqvist som först identifierade en viktig dimension i Ekelunds skrift som *citat-* och *namn-*konst, i sin avhandling *Dagbok och diktverk. En studie i Vilhelm Ekelunds Nordiskt och klassiskt*, Bonniers, Stockholm 1966, 384—394.

²⁹ Olav H. Hauge: *Använd inte sandpapper*, urval och översättning Chrsitina Hellman, Rabén & Sjögren, Stockholm 1985, 95.

³⁰ Hauge 1985, 85.

³¹ Varken Ekelund eller Hauge är särskilt noga med källhänvisningar, men det första citatet har han hämtat från Ekelunds *Väst-Östligt* (1925), 77; nystavningen (bokstaven) och förforskningen (fornufoten) i citatet från *Båge och lyra* (1911) är Hauges.

³² Ekelund 1972, 202.

³³ Från *Spor vinden* (1971), här efter Hauge 1985, 115; jfr. Jan Erik Volds fina observation i en artikel om Hauges översättningar, apropos en kärleksdikt av Robert Bly: «Likevel undres man om ikke en mann som René Char lå Hauge nærmere, med sin eksplosivitet, sin vedvarende konsentrasjon.» «Lynet varer länge for mig», «Gjendiktning er egne dikt.» *Dagbladet* 01.07.1983, omtryckt i Jan Erik Vold: *Under Hauges ord. Essays, samtaler, brev, fotos*, Det Norske Samlaget, Oslo 1994, 70.

³⁴ Jfr. Louise Ekelund: *Rabbe Enckell. Grashoppans och Orfeus diktar*, Ordfront förlag, Stockholm 1999, 170.

³⁵ Brevet återges av Algot Werin i *Vandring kring en sjö. Studier minnen betraktelser*, Gleerups, Lund 1967, 170 ff.

³⁶ af Geijerstam 1992, 23; jfr. Bernt Olsson: *Vid språkets gränser. Svenska 1900-talslyriker och frågan om ordens förmåga*, Ellerströms, Lund 1995, 222 ff.

³⁷ Vilhelm Ekelund: *Samlade dikter I-II*, under redaktion av Jonas Ellerström och med inledning av Katarina Frostenson, Atlantis, Stockholm 2004.

³⁸ Jfr. ovan, not 9.

³⁹ Karl Vennberg: «Fulländning.» i Axel Forsström och K.A. Svensson (red.): *En bok om Vilhelm Ekelund*, Gleerups, Malmö 1950, 259 f.

⁴⁰ Jfr. Peter Stein Larsen: «Modernisme som strukturelt og funktionelt begreb.» i Anker Gemzøe og Peter Stein Larsen (red.): *Modernismens historie*, Akademisk Forlag, Ålborg 2003, 27.

⁴¹ Bl.a. «Mänsklighetens hemliga tecken.» i Allan Fagerström (red.): *Bekännare och förnekare*, Bonniers, Stockholm 1950 och en recension av Vilhelm Ekelunds *Plus salis*, i *Afton-Tidningen* 05.10.1945, omtryckt i Karl Vennberg: *På mitt samvete. Recensioner, essäer och tidskritik från fem decennier*, urval och förord Björn Häkansson, Författarförlaget, Stockholm 1987.

⁴² Jfr. Anders Johansson: *Avhandling i litteraturvetenskap. Adorno, Deleuze och litteraturens möjligheter*, Glänta produktion, Göteborg 2003, 89—122.

⁴³ Jag bortser här från Peter Lutherssons egendomliga idé — i *Svensk litterär modernism. En stridsstudie*, Atlantis, Stockholm 2002 — att Vennberg från mitten av 40-talet och framåt, med sina 567 dikter, överhuvud taget inte är att betrakta som någon modernist, medan han eventuellt hade modernistiska «bevekelsegrunder» 1939 eller 1942, då han hade framträdd med några tyskvänliga dikter (325). Lutherssons «modernism» är nämligen konstruerad så att den framför allt rymmer aktivistister som dras till totalitära system med stor «förändringskapacitet» (203).

⁴⁴ I en diskussion med Anne-Marie Mai, se Borup m.fl. 2005, 212.

⁴⁵ Karl Vennberg: *Dikter. Nittonhundrasjuttioett — nittonhundranittio*, red. av Jan Olov Ullén, Bonniers, Stockholm 1993, 362.

⁴⁶ «Slutrapport om Sisyfos.» i *Fiskefärd* (1949); här efter Vennberg 1993, 121.

⁴⁷ Karl Vennberg: «När ett sekel störtar samman.» här efter Vennberg 1993, 546.

⁴⁸ Karl Vennberg: «Minnestavla.» här efter Vennberg 1993, 396.

⁴⁹ Karl Vennberg: «Dagligt liv.» här efter Vennberg 1993, 334.

⁵⁰ Karl Vennberg: «Besök.» här efter Vennberg 1993, 531.

⁵¹ *Aftonbladet* 14.4.1966, omtryckt i Vennberg 1987, 394—396.

⁵² *Arbetaren* 5.5.1943, omtryckt i Vennberg 1987, 33 ff.

⁵³ Karl Vennberg: *Dikter. Nittonhundrafyrtofyr — nittonhundrasextio*, red. Jan Olov Ullén, Bonniers, Stockholm 1993, 121.

⁵⁴ Friedrich Nietzsche: «Vi filologer.» i *Samlade skrifter*, band 2, *Otidsenliga betraktelser I—IV. Efterlämnade skrifter 1872—1875*, Brutus Östlings bokförlag, Stockholm/Stehag 2005, 308.

TRE PIONERAR I NORDISK LYRIKK

DIKTIONIUS, SÖDERGRAN, UPPDAL

I denne artikkelen skal eg drøfte nokre dikt av den norske forfattaren Kristofer Uppdal relaterte til dikt av dei finlandssvenske modernistpionerane Edith Södergran og Elmer Diktonius. Eg vil samanlikne dei tre forfattarane ut frå forholdet deira til ekspresjonismen. Uppdals ekspresjonisme er særleg understreka av Vigdis Ystad i doktoravhandlinga hennar om Uppdals lyrikk.¹ Ystad har også peikt på at Uppdal som lyrikar viser slektskap med dei finlandssvenske modernistane: «Skulle Uppdal stellast saman med kollegaer, måtte det vere med slike som dei finlandssvenske 'modernistane Edith Södergran og Elmer Diktonius eller dei tyske 'ekspresjonistiske' diktarane frå åra før første verdskrigen (Heym, Trakl).»²

EKSPRESJONISME

'Ekspresjonismen' er eit kunst- og litteraturomgrep som ikkje lèt seg innsirkle med få ord. Men nokre av hovuddraga viser seg høgst relevante i samband med desse tre lyrikarane. Avgjerande er subjektframstillinga og forholdet til naturen som biletmateriale. Det er ikkje tale om realistisk naturskildring med symbolske undertonar. Subjektet i tekstane skal først og fremst uttrykkje sitt eige indre. Eg-medvitet bruker naturen, skaper seg sitt eige naturbilete, tek naturen i bruk for å uttrykkje dette. Til det indre vesen hos ekspresjonistane høyrer liding og kvide, sorg og smerte som kan uttrykkjast mellom anna gjennom skrik og villdyrmotiv. Men villdyrmotivet kan også uttrykkje ekspresjonismens innslag av vitalistiske kjensler. Begge sidene av motivet er til dømes til stades i diktet «Jaguaren» av Diktonius.³ Det vitalistiske kan også vise seg i utprega erotiske dikt med dans- og songmotiv, hos Uppdal i diktet «Bloddrope-trall»,⁴ eller lys- og vokstermotiv, ikkje minst i mange dikt av Södergran.

Eit særmerkt innslag hos dei tidlege ekspresjonistane, ikkje minst hos desse tre, er ein utprega kosmisk biletbruk som ofte plasserer eget i høgare sfærar, ei biletskaping i slekt med Nietzsches Zarathustra-dikting⁵ og tankane hans om overmennesket.

NORSK MODERNISME

I den gjengse norske forståinga av lyrisk modernisme blir 1950-åra gjerne omtalte som modernismens tiår. I sentrum står Paal Brekke både som kritikar og lyrikar, og hans

omsetjing av *The Waste Land* (*Det golde landet og andre dikt*, 1949) av T.S. Eliot er eit høgdepunkt. Som forlauparar har ein rekna dei to diktsamlingane frå 1930-åra av Rolf Jacobsen (1907—1994), *Jord og jern* (1933) og *Vimmel* (1935) og dessutan Claes Gill (1910—1973) sine to samlingar, *Fragment av et magisk liv* (1939) og *Ord i jern* (1942). Om lyrikk frå før 1940-åra har ordet *modernisme* tradisjonelt vore lite brukt. Denne praksisen gjeld framleis som hovudsak i skulebøker og oversiktsverk, men det har vorte meir og meir vanleg å utvide perspektivet, både ved å trekke inn Obstfelder frå 1890-åra og sjá etter andre brot med den lyriske tradisjonen mellom Obstfelder og Jacobsen. To viktige namn er då Emil Boyson (1897—1979) og Aslaug Vaa (1883—1965). Men det namnet som står sterkest i denne nyare orienteringa, er Kristofer Uppdal (1878—1961). Dette synet på norsk modernisme er vel no endeleg slått fast i den nye boka *Norsk litterær modernisme* av Jon Brumo og Sissel Furuseth.⁶

KRISTOFER UPPDAL

Uppdal debuterte med to diktsamlingar i 1905 og gav ut seks samlingar fram til 1918. I 1919 og 1920 gav han så ut to diktbøker, *Elskhug og Altarelden*, som inneheld ein stor del av dikta frå dei seks tidlegare samlingane i meir eller mindre omarbeidd form og i tillegg ein del større og svært viktige dikt i forfattarskapen. Også etter 1920 gav Uppdal ut dikt, først dikt- og aforismesamlinga *Jotunbrunnen* (1925), og i 30-åra to bøker (*Galgberget*, 1930, og *Hagamannen*, 1939) som etter krigen i bearbeidd form skulle inngå i den store syklusen *Kulten I—III* (1947). Manuskriptet til det siste lyriske verket hans, *Æve-lengdn*, ligg på Nasjonalbiblioteket, men er aldri blitt utgitt.

Uppdal har elles vore mest kjend for romanserien *Dansen gjennom skuggeheimen* i ti band (1911—24), fleire av dei i omarbeidd form. Seinare er alle banda omarbeidde, men berre to av dei er utgivne etter den siste omarbeidingsa. Delar av romanserien finst også på dansk og svensk.

Uppdal var med andre ord ein forfattar som stendig kom tilbake til sine utgivne tekstar og gjorde mindre og større endringar, noko som kan vise at han var oppteken av det samla uttrykket: ikkje eit innhald i ei form på klassisk vis, men ei samangrodd poetisk ytring.

Uppdal var i mange år anleggsarbeidar, slusk, rallar og hadde ikkje mykje formell utdanning. Han gjekk ein vinter (1896) på Namdal folkehøghskule i Trøndelag, og vinteren 1900—1901 var han elev på Askov Højskole i Danmark. Neste vinter (1901—02) dreiv han sjølvstudium ved Deichmannske bibliotek og ved Universitetsbiblioteket i Kristiania (Oslo frå 1924). I 1913 gifte han seg med Bergljot Isabella Magnusson. Ho var også forfattar og gav med etternamnet Uppdal ut romanen *Byen* (1915). Dei nygifte drog på bryllaups- og studiereise til Tyskland og var der i åtte—ni månader 1913—14. Då krigen braut ut 1914, reiste det unge paret tilbake til Oslo og fekk seg eit lite hus i Asker, utanfor den dáverande byen.

Etter tysklandsopphaldet gjekk det for seg ei endring i Uppdals lyriske formspråk. Dette tok delvis til med diktsamlingane *Sno-rim* (1915) og *Solbløding* (1918). Men først dei to samlingane med mest bearbeidde dikt frå 1919 og 1920 gjer dette heilt tydeleg. Bearbeidingane viser at Uppdal i denne tida er oppteken med å avløyse ein metrisk tomgang på regelmessige verselinjer med friare og meir beinveges uttrykksfulle rytmebrot

og variasjonar i taktar og linjelengd. Eit døme kan vere endringane frå det tittellause innleiingsdikttet i *Solbløding* (1918) til diktet «Ved avgrunnen» i *Altarelden* (1920). Slik er første strofa i dei to versjonane:

Myrk og tung gaar Stormen over Sumars Tider,
merkjer Himmel-panna, som før solblaas lyste
og som skifte Farge, miste Glans, og styrdna
til ei sokkblaa, blygraas Maske — longo slokna.
Men der Stormen riv med sine Rovdyrtenner,
ryr ho sund den blygraas Maska — lik ein Daudskrott.
Og or Saar og stygge Op som et seg større,
blør det blekksvart, levra Blod i svarte Sjør.
(1918)⁷

Myrk og tung gaar stormen over sumars tider,
merkjer himmelpanna;
ho lyste solblaas,
men skifter farge, misser glans,
og styrdnar,
blir ei blygraas maske.
Og som stormen riv og slit med rovdyr-tenner
og den nifse maska rivnar sunder,
velter svarte levra blodet
ut or stygge saara.

(1920)

EKSPRESJONISMEN OG DEI TRE PIONERANE

Felles for Diktonius og Södergran er det sterkt ekspresjonistiske i formspråk og livskjensle. Dette er emne for større studiar av høvesvis Bill Romefors og Ernst Brunner.⁸ Hos begge diktarane er dette både uttala og elles lett påviseleg. Begge har dikt med namnet Nietzsche i tittelen, Södergran: «Vid Nietzsches grav» (*Septemberlyran* 1918) og Diktonius: «Nietzsche» (*Taggiga lågor* 1924). Hos Södergran er subjektet direkte knytt til Nietzsche, «här är ditt första barn i glädjetårar», og står fram med hennar vanlege suverenitet: «Dina barn sviker dig ej, / de kommer över jorden med gudasteg.» I diktet av Diktonius er Nietzsche omtala i tredje person, men diktsubjektet trer fram i språk og biletar når han skriv at mannen «på toppen / sparkade undan kryckorna / och flög / (med sina lama lemmar och / lidandekvarnstenarna kring halsen) högre än / alla piloter sammanslagna.»

Uppdals ekspresjonisme er ikkje så fyldig behandla, men det er mellom anna eit viktig tema i Vigdis Ystads avhandling. Hos Uppdal er forholdet til ekspresjonismen ikkje så endeframt, men står fram som like uunngåeleg. Han er eldre enn dei to andre og startar nærmast som autodidakt. Livsrøynslene hans er frå eit knallhardt fysisk arbeidsliv, men heile tida parallelt med ei glupande interesse for lesing og eit påtrengjande uttrykksbehov, ein sterkt subjektiv vilje til uttrykk, samstundes som han til dels saknar fagleg erfaring og tradisjon for korleis han kan uttrykkje seg litterært. I tida etter tysklandsoppfaldet er det om å gjere for han både å reparere mykje av det han alt har gjort, men endå meir å skrive ein type nye dikt ut frå den livskjensla som etter kvart utviklar seg hos han. Han gir lite eksplisitt uttrykk for tilknyting til ekspresjonismen, men det er ingen tvil om at det — medvite eller ikkje — er i denne sfæren han etter kvart høyrer til. Vigdis Ystad viser at

det er her han høyrer heime i si skriving og si utvikling mellom 1915 og 1925. Det er klart at han hadde kjennskap til Nietzsche, som på 1890-talet vart formidla delvis gjennom Ola Hansson av Uppdals eldre kollega Arne Garborg (Garborg sette om og skreiv forord til Hanssons 40 siders hefte, *Friedrich Nietzsche. Hans personlighet og hans system*, 1890, og han skreiv ein større artikkel om Nietzsche⁹ i det nye nynorsk tidsskriftet *Syn og Segn*, 1895). Uppdal skal ha lese Nietzsche for første gong vinteren 1901—02, og han hadde òg tidleg skaffa seg eit eksemplar av *Also sprach Zarathustra*, i følgje Ystad «[d]jen eneste bok av Nietzsche som vi med sikkerhet vet at Uppdal har lest».¹⁰ Eit konkret vitnemål om kjennskap til ekspresjonismen finst i det danske ekspresjonisttidsskriftet *Klingen*. Der har Uppdal eit dikt («I svarte natta», endra versjon med tittelen «I svartnatta», *Altarelden*, 1920) på trykk i 1919.¹¹ «For meg ser det ut som Uppdal må ha kjent ekspresjonistiske formkrav i lyrikken nokså godt,» skriv forfattaren Arnljot Eggen i 1965 (i ein avis kronikk om Kjell Espmarks *Livsdyrkaren Artur Lundkvist*, 1964).¹² I ei ny avhandling om Uppdals samtidige forfattarkollega Olav Duun peiker Heming Gujord på at Uppdal på veg sørover gir ei essayistisk skildring av København som viser ein «ekspresjonistisk ambivalens», fascinasjon og fråstøyting på same tid.¹³ Angstvisjonane framfor storbyen blir i dette essayet¹⁴ uttrykte i ein dyremetaforikk, knytt til fortidsuhyllege «sauros-dyr», ein metaforikk som kjem att i eit par av Uppdals mest typisk ekspresjonistiske dikt. Den siterte utsegna av Vigdis Ystad innleiingsvis står i eit etterord til diktutvalet *Isbergs kalden* (1978). Ho stiller han der saman med både dei finlandssvenske modernistane og med tyske ekspresjonistar. Ei liknande samanstilling gjer også Arnljot Eggen i artikkelen «Kristofer Uppdal som nyskapar i nordisk lyrikk»:¹⁵

Som dei [Södergran og Diktonius] er han ein nyskapar i form med same bakgrunn i tysk ekspresjonisme. Dei har alle tre motteke sterkt påverknad frå Nietzsche, og som Diktonius bruker Uppdal dei nietzscheanske overmenneske-teoriar på ei svært personleg måte: Det nye og kraftfulle menneske som skal omforme samfunnet, er for begge to proletaren. Som Södergran utviklar Uppdal biletet med stor spennvidd i tid og rom ut frå eit kosmisk medvit og kjem etter kvart til å sjå på lidning og motgang som ei positiv kraft. I sine unge år er han som Diktonius vitalist, livsdyrkar, og skaper biletet av ei flødande livskraft som strøymer gjennom «allheimen» og fyller «mannalivet» når det er på sitt høgdepunkt. Som hos Diktonius kan den filosofiske bakrunnen for dette minne om diktarfilosofen Henri Bergsons lære om *elan vital*.

Det finst ingen haldepunkt for å rekne med at Uppdal kjende til dei to finlandssvenske lyrikarane. Det strekar også Eggen under. Derimot held også han det for tvillaust at Uppdal fekk impulsar frå ekspressionismen og Tyskland; «impulsar frå tysk ekspressionisme slår tydeleg igjennom i hans eigen lyrikk». Det at den norske ekspressionisten ikkje kjende til dei to finlandssvenske og dei ikkje til han, gjer det ikkje mindre interessant å samanlikne. At situasjonen var slik, er også eit interessant moment i nordisk litteraturhistorie.

SLEKTSKAP PÅ FLEIRE PLAN

I det følgjande vil eg sjå på nokre motiviske og tematiske drag hos Uppdal og peike på parallellear hos dei to finlandssvenske. Stikkordmessig er det tale om forholdet til det som er stort, overmennesket, det guddomlege. Vidare vil eg ta opp villoymotivet, vitalisme

— det dionysiske / «élan vital», fridom og kunst(nar), liding, vanvit, og ideologiske og politiske haldningar.

Vi ser endeframt ein slektskap mellom dei tre lyrikarane i metaforikk og biletbruk, og mest slåande er den kosmiske orienteringa — særleg gjeld vel det Södergran og Uppdal. Uppdal-diktet «Sauros-skratt» gir oppslaget:

Nei eg dør ikkje.
Eg skal leva
all æva.

Høyre mine hornvenger,
dei kyngjer,
slamrar gjennom rømda.

Eg er ein flyg-sauros
Og hornvengene
når stjernemalmen.

Eg knyt mine venger.
Dei blir ein horn-kolb,
og slår og stangar
mot stjernekløkka,
til all verda kyngjer og ringjer.

Det var det eg visste,
eg hadde levd
i den fyrste grå skoddemorgon,
då alt var våt-rått og væte.

Eg var noko blautt, laust,
utan form,
som sukkane mine,
desse daud-geisp
som lyr, lik slurp under skorne.

Men upp or det våte, lause
steig ein sauros,
med hornvenger, steinvenger.

Eg kjende Stein og Hamrar voks
or det lause, blaute
i mi sjel
og breidde seg ut ryggen,
som fjell-tindar.

Ja no veit eg det.
Eg er ein sauros
som aldri dør.
Klørne mine krökjer seg,
røter seg
i det grå-våte, formlause
i Morgon-morgonen.

Og horntindane mine
lyfter seg
or natta
og det store myrkret
som renn ut frå alle tider.

Eg er ein sauros.
Og min skratt
er hornvengene sine dunkar
mot stjerneklokkune.

Diktet står i *Altarelden* (1920), men er datert til 1918. Subjektposisjonen er gitt til eit fortidsuhyre, ein flygande sauros. I tid grip diktet tilbake til framkoma av liv på jorda etter darwinsk forståing, til «Morgan-morgonen» «då alt var våt-rått og væte». Dette veldige subjektet fyller tida så lengelivet har vore til. Og det fyller framfor alt rømda, himmelrommet. Frå det blaute og formlause veks dyret seg hardt og veldig og fyller til slutt heile rommet i ein mektig klokkeklang; det er saurosen som skrattar, og skratten lyder når hornvengene hans slår i veggene på himmelrommet, «mot stjerneklokkune».

Skratt er på norsk til vanleg eit sterkare ord enn skratt på svensk. Men konteksten kan også gjøre sitt. Og det er iallfall freistande å sjå ein parallel til «stjärnskrattet» i Diktonius sitt programdikt «Jaguaren», førsteversjon i *Min dikt* (1921), endeleg versjon i *Hårda sångar* (1922). Den aktuelle passasjen i diktet er del IV:

Solfläckar dansar! —
vigt virvlar allt.
Med ett skutt
slungar sig jaguaren över
granarnas toppar —
hör stjärnskrattet i dess rytning! —
en blixtvolt i luften:
som en pil djupt i jordens bröst.

Både Diktonius og Uppdal kjende Nietszches Zarathustra, der låtten har sin 'poetikk': «Das Lachen sprach ich heilig». ¹⁶ Og Romefors siterer også ein aforisme av Diktonius fra 1921: «Jag var starkast när jag skrattade åt min svaghet» (55). Ein kosmisk ekspansjon (uttrykket lånt fra Romefors) kan vi observere i del IV av «Jaguaren». Hos Diktonius kjem den kosmiske identifikasjonen likevel tydelegare fram i andre dikt, til dømes i eit tittelauast dikt, «Vad jag är smutsig ...» (*Min dikt* 1921) der «gudarna går i min själ / och lämnar märken / av sina underbara nakna fötter» og «jag står ved ett stort träd / som nakent vrider sig / ur jordens mull mot himlen —», eit dikt som elles korresponderer med Södergrans «Gudarnas spår» (*Septemberlyran* 1918) i følgje Romefors (82). Men den suverene kosmiske eg-kjensla i Uppdals dikt som vi med Romefors kan kalle «lyrisk rymdvandring» (111) korresponderer tydelegare med andre dikt hos Södergran, til dømes «Visan från molnet» og «Ljusfälten» (begge i *Septemberlyran*, 1918) og «Till fots fick jag gå genom solsystemen» (*Rosenaltaret*, 1919). I tillegg til innleiingsorda og tittelen står dette: «Någonstans i rymden hänger mitt hjärta, / gnistor strömma ifrån det, skakande luften, / till andra måtlösa hjärtan.»

Identifikasjonen med det store villdyret «saurosen» står derimot nær «Jaguaren». Her kan også nemnast det mektige Uppdal-diktet «Isberget», der eg-subjektet er eit isberg som losnar langt i nord og fyller det nordlege universet der det skrid fram gjennom havet i svimlande overmenneskeleg suverenitet.

Eit anna Södergran-dikt som gjerne kan trekkjast inn her, er innleiingsdiktet til *Septemberlyran*, det mektige «Triumf att finnas till ...», der eget kjenner seg trygg som del av det uendelege:

Vad fruktar jag? Jag är en del utav oändligheten.
Jag är en del av alltets stora kraft,
en ensam värld innom miljoner världar,
en första gradens stjärna lik som flocknar sist.
Triumf att leva, triumf att andas, triumf att finnas till!
Triumf att känna tiden iskall rinna genom sina ådror
och höra nattens tysta flod
och stå på berget under solen.
Jag går på sol, jag står på sol,
jag vet av ingenting annat än sol.

Eget herskar over både rommet og tida. I andre avsnittet blir forholdet til tida meir tematisert. Tida er eit problem, noko vondt, ei freistarinne som eget må frigjere seg frå. Uppdals eg beherskar også tida i «Sauros-skratt», understreka med det einaste rimet i diktet: «Nei eg dør ikkje. / Eg skal leva / all æva». Ei tilsvarende tidsoppleving kjem også fram — alt i tittelen — på det store Uppdal-diktet «Hundrad-tusundår i ein minutt» (*Altarelden*), der han med endå større fascinasjon for urtidslivet enn i «Sauros-skratt», og mykje meir utbygt, etablerer eit hundretusenårig tidsspenn, som likevel berre er minuttar i æva. Og «Hundra-tusundår / er minuttar i mi sjel òg»; sjela og æva er likestilte i forhold til tid.

Vi finn altså ei rad dikt som vi kunne kalle kosmiske triumfdikt både hos Uppdal og dei to finlandssvenske. Romefors innleier kapitlet «Triumferande livskjensla» med eit avsnitt som han etter ei linje hos Diktonius har gitt tittelen «'På toppen av ett ögonblick»», som kan korrespondere med Uppdals «i ein minutt», frå det tittellause «Evigt lever jag ...» (*Min dikt*, 1921):

Evigt lever jag.
Om människa eller fixstjärna,
solsystem eller en martall
på en öde klippa vid havet,
är detsamma.
Samma kraft genomgår mig,
samma lust får mig att blomma,
samma stormar dödar mig,
kläder nya kläder på mitt innersta.
För mig finns ingen flugsmuts
eller Chimborazzo —
allt är i allt.
På toppen av ett ögonblick
står jag och skriker:
det är en fröjd att leva och förvandlas!

Det storlagde mot det kosmiske finst hos Uppdal i ei ganske stor mengd dikt som har fjellandskap, gjerne med is og snø, som berande symbol. Slikt har vi også hos dei to andre, apropos Zarathustra, men med deira geografiske bakgrunn og tilhald rimelegvis mindre enn hos han. Når Södergran har titlar som «Først vill jag bestiga Chimborazzo» og «På Himalayas trappor» (begge i *Rosenaltaret*), er det som titlane seier fjell som ho har eit fjernare forhold til, og det viser seg også i den til henne å vere lite engasjerte eller iallfall neddempa stemninga i dikta. I staden får stundom skildringar av skyer («Visan frå molnet») eller tre fungere som uttrykk for det høge eller det som dreg eller peikar oppover, t.d. ønsket i «Jag» (*Dikter*, 1916) om å «komma upp för de hala stammarna» opp i kronene, «der vill jag sitta och speja ut / efter röken ur mitt hemlands skorstenar.»

HAVET SOM SYMBOL

Vender vi oss mot havet som stort symbol, finn vi det samanlikneleg hos alle tre. Uppdal har i første delen av den firedelte *Altarelden* det svært ekspansive diktet «Havet» som er skrive i klassiske terzinar. Det passar kanskje mindre inn her, men det gjer derimot havet som del av landskapet i mange sterke vinterdikt, mellom anna ei rekje sonettar i tredje delen som heiter «Nordlyse-landet». I denne delen er «Isberget», der havet er isfjellet sitt vesentlege element. Sonettane som delvis er skrivne til personar, viser stridberre vinterlandskap, der fjelltoppane mot himmelen dannar kosmiske toppar, men der havbileta ofte har eit vertikalt preg, både ved at havet i storm kastar seg oppover land, men òg ved at havet er djupt så fjellfoten ikkje nødvendigvis er ved stranda, men i djupet så samanhengen vert endå meir omfangsrik: «Når skodda kverv, upp støyrer kvite fjell / mot himlens kvelv, frå sætet djupt i hav» («Snølandet»).

Diktonius har to lange havdikt som ekspanderer i fleire avdelingar og gjerne kan stillast ved sida av Uppdal. Dei er «Havet och berget I—IX» (*Hårda sånger*, 1922) og «Kärleksfantasi till havet I—VII» (*Taggiga lågor*, 1924). Liksom hos *Uppdal* finn vi her ei sterkt antropomorfisering. Havet blir tiltalt som 'du' i begge dikta. Særleg i det første diktet er det oftast eit stridbert forhold mellom havet og landet, landet i form av fjell og fjellframspring, klipper; havet og landet blir omtalte mellom anna som «de två hatälskade» i del VI:

Aldrig har jag känt maktens välide
Som en stormig höstdag på Cornwalls kust.
Ej en strimma ljus
ur molnens kornblå
tyngdlagen knappt hållande mig
på benen
djupt under mig de två hatälskade
kämpande sin jättestrid.
Rytande rusande
skumsplitter kring sig vräkande
kallgrön av giftig ondska den ena;
i stelbent trots
med söndersargat ansikte
ur rivna revben
hänskrattande den andra —
min själ tjöt av stridens sötma
och klippan darrade där jag stod.

Og midt i striden mellom hav og berg er diktets eg plassert og opplever «maktens vælde» både som sitt eige subjekt — 'jag' — og som kulturens og samfunnets 'vi', t.d. i del VIII. I siste diktet kjem det fram ei samkjensle: «Jag er vansinnigt glad / av mitt blods saltsmak. / Den säger mig att vi är ett» (III).

Södergrans havdikt har tittelen «Sången om oceanen» (*Rosenaltaret*). Der er også eit forhold mellom hav og land, det er mindre dramatisk, «du klappar om natten / på jordens jarnhäällar, att de eka», men antropomorfisert som hos Diktonius.

VITALISTISK EKSPRESJONISME

Med eit dikt som «Evigt lever jag ...» av Diktonius er vi innanfor det Romefors kallar «den vitalistiska expressionismen». Han knyter den til Nietzsche på denne måten: «Elmer Diktonius' extatiska livsbejakelse är liksom Edith Södergrans en parallel till tysk expressionism med Nietzsches dionysiska förkunnelse som en väsentlig gemensam impuls. I nedanstående framställning används termen vitalism med syftning på den dionysiska livskänslan med dess väldsam dynamiska livsbejakelse» (63). Viktige impulsar kjem òg frå Bergson og den livsimpulsen han kallar «élan vital». Og her kan vi utan vidare leggje til Uppdal. Uppdal har i heile sin produksjon, både av dikt og romanar eit sterkt erotisk drag, ikkje sjeldan knytt til samvær mellom unge menneske, musikk og dans og rus. Det erotiske toppunktet hos Uppdal finn vi i det sentrale diktet «Bloddrope-trall», nyskrive for antologisamlinga *Elskhug*(1919) og plassert sist der som krone på verket i ei eiga 12. avdeling.

Det er vår
ein gong i eit år
ein einaste stutt, men festleg vår.

Sidan blir det sumar,
og ein større rikdom
i den breie mognad,
men med grå latskap over fargar,
og med ein tørrbrend hite
etter vårens våtvarme ølar.

Ein vår driv
berre ein gong over eit mannaliv,
— ein gong våren over mannalivet driv.

Og i denne vår er alt arbeid leik,
— er augo som opnar seg og stirer,
og som blir fulle av sol,
— er skjelvande varm hud,
med opne borur, dei syg til seg
av ljósbylgja frå sola
til ljuset renn inn i blodet
— og tider det
og lagar ein bloddrope-trall,
han spelar gjennom alle rørslur,
frå hjarta, til den solbrende lugg,
til fingrar som kjæler,
til fot-blad som trampar takten.

Denne bloddrope-trall
han taktar seg gjennom alt,
— rytmar seg gjennom gras
der levande leikar,
i mold som skruvar seg ut,
æsande av liv!

Bloddrope-trallen dansar
gjennom alle hjartedulpar,
gjennom alle andedrag
og der sol og regn når,
der eld og vatn møtest,
— i lauvknuppar, dei brest
med ørsmå smellar,
liksom kyssar mot vårlufta.

Ja som kyssar mot vårlufta
går bloddrope-trallen,
frå ungt blod, frå alt blod.
For når det er vår
og sol rår
blir alt blod ungt og stilla i bloddrope-trall.

Eg har kjend denne bloddrope-trall
i min vår
som eg aldri attende får.

Soleis har eg kjend han,
bloddrope-trallen:
— Augo som opnar seg,
fyller seg med ljos,
tider seg
— Varm hud med opne borur,
dei syg i seg sol,tider seg
— Dans i alle rørsfur,
frå hjarta, til solbrend lugg.
— Kjøt: senar og segar i rytmie,
frå bleikraude fingertuppar,
til oklane, dei rundar seg
ned mot helen.
— Taktar og rytmar.
Dans. Trall.
— Nakne ungar,
dei laugar seg i elvar,
i elvane i ditt kjøt.
— Skrattande kåte kvin
frå eit dansegolv,
frå ei låvegolv
i di sjel,
ei natt i ein vår,
din vår.
— Føter som bårar i taktar!
— Bogedrag over felestrenger.

Soleis er bloddrope-trallen
or den einaste vår,
som står
hjå deg ei stund
ikkje lenger enn ein smil,
— ein bloddropetrallande smil.

Januar 1919

Diktet hyller eros i naturen og i menneskelivet. Tittelen peiker på mennesket: blod og musikk. Trall er eit ord Uppdal bruker om musikk i samband med dans. Å tralle er helst å nynne eller framføre ein melodi med munnen, men gjerne utan ord. «Trall på landsvegen» heiter avdelinga før «Boddrope-trall» i *Elskhug*, og den handlar lettare om erotisk og ungdom.

Ordet 'bloddrope-trall' førekjem same året i romanen *Stigeren* (1919) og er der knytt til eit syn eller ein visjon hos hovudpersonen, stiger Tørber Landsem, der han høyrer og ser for seg dansemusikk og menneske i dans, og kvinner, eller kvinna som nærmar seg mannen, Tørber, og inviterer til seksuell handling: «Stigeren blistra. Alt livna og vakna, dei heidenske festane, og kvinna med dei avlheite augo og med bloddrope-trallen i rørlune. Han tykte høyre harding-fela skratte, og sette i eit høgt: hoj!» (27) Det er altså grunn til å rekne med at eit dikt med denne tittelen skal handle om erotisk og seksuelt samkvem — og med det som føremål å utvikle livet, få fram nytt liv, «kvinna med dei avlheite augo». Det er med andre ord eit vitalistisk dikt som tek utgangspunkt i den årstida då det gror på nytt, nemleg våren, og dette blir utvida i tredje avsnittet til å gjelde menneskelivet òg: «ein gong våren over mannalivet driv». Skildringa av årstidsvåren løner så stoff og stemning og metaforikk til den erotiserte våren i menneskelivet. Lyset frå sola «tider» (befruktar) allslags liv. Sollyset set blodet i sving og væskene i naturen i sving. I andre delen av det tredelte diktet flytter merksemda frå det generelle og til subjektet, og korleis 'bloddrope-trallen' har verka hos det. Eit skar i den vitalistiske gleda her kjem i den tredje innskotne stadfestande kortstrofa med same rimorda som i opninga: «Eg har kjend denne bloddrope-trall / i min vår / som eg aldri attende får.» Men trass resignasjonen som ligg i orda «aldri attende» får vi no eit langt avsnitt med den mest bileynglande frodige skildring av levande erotisk oppleveling i hud og hold. Kvinna «med avlheite augo» blir ikkje nemnd eksplisitt her, så dei kjensler og handlingar som er skildra, er vel stort sett ikkje kjønnsspesifikke. Her er hud som lèt seg befrukte av sollyset, her er dans, her er musklar i rytmisk rørsle, her er vakker kropp. Og framfor alt: her er potensielt nytt liv: «Nakne ungar, / dei laugar seg i elvar, / i elvane i ditt kjøt», dvs. at dei finst potensielt i kroppsvæskene. Her blir det knytt eit intenst samband mellom den ytre og den indre natur, og det erotiske møtet blir ei hending som set eget inn i eit større samband og ein større fellesskap. Det er same slags einskapskjensle uttrykt i ein parallel metaforikk som vi finn i del III i Diktonius sin «Kärleksfantasi till havet».

Jag är vanskinnigt glad
av mitt blods saltsmak.
Det säger mig att vi är ett,
att samma fluidum engång
rann i våra ådror
att samma fluidum
engång åter skall rinna i våra ådror
när vi genomgått alla metamorfoser.
Och mitt hjärta? —
redan nu hamrar det i takt med dig
slår lika stormägtigt som du
vill spränga alla skal som du
vill sprängas
av sin krafts övermängd.

LIDING

Som vi kan sjå, hefter det ein hake ved denne vitalismen for eget i «Boddrope-trall», i og med at opplevinga av den erotiske situasjonen blir oppfatta som avgrensa i menneskelivet, gjennom årssyklusen som metafor berre knytt til 'våren'. Det står ingenting i dette diktet om *liding*, men lidinga er sentral både hos Diktonius og Södergran. «Ytterst konkret fikk Diktonius erfara innebördens i Nietzsches uppfattning att hungern och lidandet är en nödvändig väg till insikt och skapande» skriv Romefors (63). Og han siterer frå diktet «Lidandet» for å vise dette. Liding eller tilsvarande fenomen finst fleire stader. I programdiktet «Jaguaren», der rovdyrkloa blir metaforisk uttrykk for «min dikt och jag», ser vi dette i del II: «djupt i jaguarens mage bor / ensamhet förtvivlan. / Jaguaren kan kyssa en blomma. / Den har tårar / sentimentalitet». Hos Södergran finn vi lidinga direkte omtala m.a. i diktet «Lidandets kalk» (*Rosenaltaret*) med allusjon til Jesus som måtte tømme lidingskalken. At ho talar om vilkår for skaping, er openbert mot slutten av diktet:

Lidandets kalk må svagare händer fatta
förande den till blekare läppar,
mina sägrarläppar undvara den än.
Men — nej.
I mitt hjärta sitta ennu jättar med mörka ansikten,
med hårt sammanpressade stenhänder.
De tråda en gång ut ur sina skymningar —
de kalla på dig — smärta.
Hit gnisterhammare mot stenbelätet.
Hugg fram min själ
att hon må hitta ord som aldrig suttit på människotunga.

Også hos Uppdal er både svolt og liding sentrale vilkår. I romanen *Domkyrkjebyggjaren*¹⁷ er det den komande fagforeingsleiaren Ølløv Sjølløgrinn som både svelt og lid. I lyrikken står lidinga særleg sterkt i det store titteldiktet «Ved altarelden». 'Liding' og 'kvide' (sorg, smerte, pine) er der sentrale ord. Diktet handlar delvis om ikkje å strekke til med ord som 'straff', 'ulukke', 'mislucka'. Men eget er herda og har fått eit «stort auga» (Gud?) over seg som gjer det «godt å lide», eget fornemmer «det gode / i denne liding» og har

ein «blå-eld» i sjela, «blåkvit som synda», men triumferer til slutt i visse om eitt: «Heilag er kvida!» Og i eit anna dikt, «Då Jesu sjel hadde nått sin mognad», refererer han som Södergran til Jesu liding. Det religøse innslaget i biletspråk og symbolikk korresponderer med at ordet 'altar' førekjem i dei aktuelle boktitlane hos begge diktarane: *Rosenaltaret*, *Altarelden*. Diktonius, derimot, synest å sjå på liding som noko svakt, ein veikskap som iallfall i fridomskontekst og politiske samanhengar ikkje bør dominere. I diktet «Lidandet» (*Hårda sånger*) blir lidinga i første omgang (del I) framstilt som poetisk produktiv som i Uppdals «Heilag er kvida!»:

[...]
Med naglar i hjärtat
frustande lidelse
(eld och lidande)
störtar jag skapar jag
i ångande rytmer
(borrar och borrar)
mänskan.

Men i neste omgang (del III) supplerer han med å ta avstand frå lidinga allment og politisk: «Det är lög / att lidandet gör oss goda! — / [...] / att det och blott det alstrar skaparkraften i oss / [...] / Trälreligion — det är lidandet, [...] / vi vi! — vi trålar som skall skapa världen fri / undan med lidandet / när vi undanvräker de andra förbannelserna!»

ANGST, EINSEMD, VANVIT

Knytt til liding er sjølvsagt òg fenomen og ord som angst og einsemd hos alle tre diktarane. Ordet «skrik», og ord som kan knytast til det, er sentrale i ekspresjonismen, «mitt hjärtas skri» i Pär Lagerkvists dikt «Ångest, ångest är min arvedel»¹⁸ til dømes. Det sentrale diktet hos Uppdal her har tittelen «Skriket» og står i avslutningsdelen av *Altarelden*, som berre innehold den eine teksten. Hos Diktonius finst skrik i fleire samanhengar. I metadiktet «Jaguaren» er skriket («rytning») plassert som vilkår for det estetiske i avslutningssekvensen del IV, «hör stjärnskrattet i dess rytning!» I Uppdals dikt begynner det med «ei viddyr-gauling» som «skjer gjennom lufta, / so kvast som berre eit skrik kan skjera». Sidan blir det knytt til «vanvits-angst», men òg til glede, og mot slutten til Kristus og til kunst og dikting: «I religionen går Kristus-skriket, / i kunst og dikting det same også.» Det blir ikkje klart kva skriket er, men det finst til slutt også i egets sjel, og det er viktig å ha det anten det er «viddyr-gaul» eller «vanvits-rop». Det siste korresponderer sjølvsagt også med Edvard Munchs ekspresjonistiske bilete *Skrik* (1893).

Med 'vanvitet' er vi ved endå eit sentralt motiv i ekspresjonismen. Og som vi høyrer hos Uppdal. «Sauros-skratt» var først prenta med undertittelen «Eit dikt um og til vanvitet». Södergran har diktet «Vanvettets virvel» (*Septemberlyran*). Ho omtalar vanvitet metaforisk som «övermänskliga strömsdrag», som ein kan seie at Uppdal indirekte òg gjer. Og vanvitet får i Södergrans dikt avgjort positive konnotasjonar, i det tekstens du står midt i virvelen som «en hjälte med omfött blod, / Henrykt» osv. Hos Diktonius er «vanvett» eller «vansinne» lite frekvente ord. I det tittellause diktet «Blästen skuffar ...» i *Min dikt* (1921)

er det kombinert med 'storm' og 'skrik', suverent og positivt: «vansinnet skrattar ihåligt å förödelsen. / Storm är! Jag skriker med!» Og det finst nok av samanhengar med sterke biletbruk og ordbruk, der slike ord ikkje ville verke avstikkande. Likevel kan det òg hende at Diktonius med vilje har unngått dei for at det ikkje skulle hefte noko ved hans frodig vitalistiske passasjar. I det sterke diktet «Nietzsche» (*Taggiga lågor*), til dømes, ville eit ord som «vansinne» vere lett å gripe til. I staden bruker han — i den andre av diktets tre sekvensar — verbet 'falla' metaforisk, men med ein kritisk kommentar i parentes:

Sagan om mannen som föll
(naturligvis vid själsaeronautikens
nuvarande ståndpunkt!)

POLITISK

Politisk forheld dei tre seg ulikt samtidia. Ebba Witt-Brattström skriv at Södergrans nietzscheanisme er «et politisk projekt». Ho kjende seg som «en av åndens redskaber i verden» (siterer Witt-Brattström etter Hagar Olsson)¹⁹. Det finst også dikt av henne som rimeleg kan lesast som reaksjonar på krigstilstandar. Første verdskrigen er nær, og endå nærmere for Södergran er den russiske revolusjonen og krigen mellom kvite og rauda. Diktet «Stormen» (*Rosenaltaret*) kan til dømes lesast slik. Der heiter det at menneska «äro drivna / som boskap ur mörka vrår» / [...] / «de stora idéerna driver sitt byte framför sig». Uppdal og særleg Diktonius er meir openbert opptekne av sosiale spørsmål, fattigdom og fornedring. Uppdal har sine røynsler som arbeidsmann og fagforeiningstillitsmann. Han har nokre enklare politiske dikt, men elles fell dei politiske utsegnene hans heller i ein del av romantematikken og i essay. Hos kommunisten Diktonius er det politiske med i mange dikt som sentralt innslag i frigjeringstematikken hans i det heile, såleis i det nyss nemnde «Lidandet» liksom i det store diktet «London I—VII» (*Taggiga lågor*) og sjølv sagt i «Röd-Eemili» (*Stark men mörk*, 1930) — som rimeleg er hos ein politisk engasjert ekspresjonist.

SLUTTORD

Det er sjølv sagt mange individuelle trekk ved desse forfattarane som det ikkje fell naturleg å ta fram i ei slik samanliknande framstilling. Her har formålet vore å peike på parallellear og likskapar som har rot i at dei skrev sine dikt nesten på same tid og i stor mon med utgangspunkt i dei same filosofiske og poetiske fenomena i samtidig europeisk åndshistorie. I denne samanhengen har eg lagt vekt på det felles grunnlaget i Nietzsche og ekspresjonismen. Eg har også kome inn på det vitalistiske hos dei tre lyrikarane med utgangspunkt både i Bergsons «élan vital» og det både Romefors 1978 og Brunner 1985 omtalar som Nietzsches «dionysiska livskänsla». Ikkje minst viktig er det at alle tre var svært sjølvmedvitne kunstnarar som levde for diktinga og var ekstremt viljuge til å setje alt inn på å skape noko nytt.

Dei var alle «barn» av Nietzsche. Södergran presenterer seg i «Vid Nietzsches grav» som «[...] ditt första barn i glädjetårar». Diktonius talar i sitt dikt «Nietzsche» om «[s]jannsagan om mäneskoövermänskan: / örnen med jord på vingarna.» Uppdal stod utanfor syskenfellesskapen med dei to andre, men som Nietzsches «lausunge» kunne han skape flygsaurosen med røter i jord og sjø og med kropp og venger som kunne fylle så vel rømd og himmelrom som tid og øve.

NOTER

⁴³ See e.g. Algulin 1969, 17, and Michel Ekman: «Poesin från trettioårt till femtiotal,» in Michel Ekman (ed.): *Finlands svenska litteraturhistoria. Andra delen: 1900-talet*, Atlantis, Stockholm 2000, 144—151.

⁴⁴ Some of Vilborg's poems, including a few tankas, have been translated into Swedish and printed in *Europa slutar här. 5 isländska lyriker*, transl. Maj-Lis Holmberg, Schildts, Helsingfors 1983, 32—45.

⁴⁵ Sigrús Daðason: *Ljóð*, Iðunn, Reykjavík 1980, 46. Formerly published in *Hendur og orð* (1959).

⁴⁶ Tranströmer 2003, 267. Formerly published in *För levande och döda* (1989).

FRÅ SVENSK HØGMODERNISME TIL NYNORSK BYGDEMODERNISME

uten å sentimentalisere det primitive menneskes liv
kan vi øve oss i ydmykhet, og legge merke til hvordan
en sosial-religiøs-kunstnerisk enhet gjør seg gjeldende
i atskillige av de samfunn som vi i dag ser ned på som
fortidige eller avlegte.
T.S. Eliot.¹

Bakgrunnen for denne artikkelen er eit ønske om å bidra til ei forståing av den norske etterkrigslitteraturen, det vil seia perioden frå 1945 til 1960, på dei premissane som vil vera naturlege dersom ein ikkje var frå Noreg. Eg vil forsøka å gjera bruk av eit ånd- eller idehistorisk perspektiv, der den svenske og den danske horisonten frå same periode fungerer som referanseramme for å komma rundt det som etter mitt syn er eit stort problem med den norske forståinga: at ein byggar vidare på posisjoneringar frå den samtidige kampen om hegemoni innanfor det kulturelle feltet, knytt til den såkalla «tungetaledebatten» som eg straks skal komma tilbake til, og at ein såleis overtar posisjoneringar frå ein polemisk situasjon for 50 år sidan, utan å ha klart nok for seg at det er det ein gjer. (Alternativet, dersom ein ikkje gjer dette, er gjerne at ein opererer med ei idealisert og stilisert forståing av kor eksperimentell og nyvinnande litteraturen «ute i verda» var på denne tida.)

Såleis håper eg å komma i kontakt med ei forståing av «50-talet» som er meir historiserande, meir syntetiserande. Og som derfor både vil knyta i hop det norske med det nordiske, og som vil knyta i hop det norske og sjá likskapar der ein tidlegare har fokusert på ulikskapar. Dette siste er elles noko som lenge har lege meg på hjarta. Det er for meg, og truleg for fleire av min generasjon, eit samband mellom folk som Paal Brekke, Axel Jensen, Tarjei Vesaas, Olav H. Hauge, Jens Bjørneboe og Agnar Mykle. Og det er ei forståing av dette sambandet — kall det gjerne dei ikkje-problematiserte føresetnadene for feltet, sjølvé fundamentet for all interessant skriving på denne tida — som for oss må vera det første steget mot forståing av denne litteraturen.

Artikkelen vil munna ut i dels korte, men konkrete oppslag til lesingar av fire uhyre sterke lyrikarar det har vore vanskeleg å få til å passa inn i det etablerte biletet av 50-talet, og av modernismen: Rolf Jacobsen, Tarjei Vesaas, Olav H. Hauge og Georg Johannesen.

DEN ETABLERTE FORSTÅINGA

Først nokre ord om den etablerte forståinga av den norske etterkrigstida. Denne kan kort oppsummerast slik som dette:

Det sentrale fokuset ligg på den såkalla «tungetaledebatten», der «tradisjonalisten» Arnulf Øverland etter kvart har fått rolla som skurk. Øverland skreiv dikt med rim og metrisk

rytme, der krava til biletspåket først og fremst er at det skal vera lett å forstå, og at ein ikkje skal blanda saman ulike sfærar: ikkje eingong samankopplingar mellom zoologi og botanikk skal førekomma! Heltane er «modernistane» Paal Brekke og Erling Christie, som skriv på same måte som dei svenske «fyrtialisterna».

På prosaen sitt område er det stillstand. Dei einaste som driv med formelle eksperiment er Aksel Sandemose, som debuterte på 20-talet og som til alt overmål er fødd i Danmark, og Johan Borgen, som debuterte på 30-talet. Ved sida av desse får Agnar Mykle og Jens Bjørneboe merksemd, men då først og fremst som forfattar av debattbøker: Poenget med bøker som Mykles *Lasso rundt fru Luna* (1954) og *Sangen om den røde rubin* (1956) synest å vera at dei gjer opprør mot den borgarlege moralen, på same måte som Bjørneboe kritiserer skulesystemet i *Jonas* (1955) og rettsoppgjeren etter krigen i *Under en hårdere himmel* (1957).

Fraværet av eksperiment er endå tydelegare innanfor den nynorske litteraturen, der dei to sentrale fattarane på denne tida er Tarjei Vesaas, som blir oppfatta som noko bortimot eit ikkje-tenkande naturbarn, som ikkjøtinga av det Dag Solstad omtalar som «Myten om bildedikteren som ser og tenker i bilder og som utenom bildene, synene, ingenting vet»³, og Olav H. Hauge, som før gjennombrotet i 1961 skriv i ein romantisk-idealistisk tradisjon.

I høve til dette siste har det òg spelt ei rolle at den sentrale 60-talsgenerasjonen som samla seg kring tidsskriftet *Profil* tok så tydeleg avstand frå «modernistane» på 50-talet, samstundes som dei erklærte at Vesaas, Hauge og Jacobsen var forløparar for deira eigen «konkrete» måte å skriva på. Slik blei skiljet mellom desse og «fyrtialisterna» Brekke og Christie sementert.

Så langt det etablerte synet på 50-talet, som nok har blitt problematisert dei siste par åra, men bare punktvis. Noko endeleg oppgjer har det aldri komme til. Etter dette følgjer då, i all audmjuke, mitt eige forsøk på å setta den norske etterkrigstida inn i eit større perspektiv.

BERGMAN, ELIOT OG JUNG

For meg er det to filmar av Ingmar Bergman som står som inngang til å forstå noko vesentleg ved norsk litteratur i denne perioden. *Det sjunde inseglet* (1957) handlar i utgangspunktet om mellomalderens Europa, og om korleis folk reagerer når dei veit at pesten er på veg. Det er ikkje urimeleg å oppfatta dette oppsettet som ein kommentar til den moderne verda, med Hiroshima som opninga for den endelege slutten: Plasseringa av ein ørn høgt på himmelen i opninga, og teknikken med å la biletet gå i kvitt, som om eit sterkt lysglimt breidde seg i landskapet, gjev klare assosiasjonar i ei slik retning. *Sommaren med Monika* (1953) handlar om eit ungt par som legg storbyen og med det kulturen bak seg og lever ut sine meir instinktive, erotiske sider ute i skjergarden.

Det eine prosjektet synest å gå ut på å setta den moderne verda, og den moderne verda sin angst, inn i eit større tidsperspektiv. Gjennom parallelldelen til mellomalderen blir det tydelegare at etterkrigstida ikkje er den første perioden då menneska har opplevd frykt for at verda skal gå under, og frykta for at manglande framtidstru skal opplysa samfunnet i normløyse og hedonisme. Filmen synest å argumentera for at me ikkje er áleine med våre opplevingar, og set samtida inn i eit transhistorisk og transkulturelt perspektiv. Det

andre prosjektet går på ein måte motsett veg, idet ein i staden for å søka seg mot kulturen, og mot det kulturen ber oppe av løysingar og problem, i staden søker seg mot ein kontakt mellom mennesket og noko mennesket har bore med seg sidan før kulturen. Samstundes møter dei to prosjekta kvarandre i det at dei begge søker seg mot korrelat utanfor samtida, utanfor etterkrigstida og utanfor urbaniteten.

Det kan sikkert argumenterast mot slike lesingar, men for meg er det naturleg å knyta desse filmane til kvar sin av to tenkarar som var mykje framme på denne tida: T.S. Eliot og C.G. Jung.

I *The Waste Land* (1922) føyer Eliot skildringa av storbyens oppløysing saman med referansar til den modernistiske kunsten på eine sida, og til forteljingar og mytar frå ulike førmoderne tider og ulike førmoderne kulturar på den andre. Gjennom desse referansane blir det tydelegare kor det er splittinga kjem ifrå, eller rettare sagt kva som er det punktet av fråvær som den moderne kulturen ber oppe: Det er fråværet av eit samlande punkt, fråværet av den mytiske eller religiøse forståinga av heilskapen i tilværet som kjem til uttrykk gjennom desse fragmenta av gamle forklaringar som ligg der som vekkslengte restar, som søppel i den moderne storbyen. Ikkje det lova landet, altså, men det motsette.

Eliot spelte ei stor rolle for framveksten av den nye, modernistiske litteraturen i Sverige frå 40-talet og utetter. Fleire av dei såkalla fyrtiotalistarna har med rette blitt oppfatta som elevar av Eliot. Men samstundes finn ein òg hos fleire av dei framståande svenskane ei tydelegare avklaring, og ei tydelegare operativ grense mellom det kaotiske og det heilskaplege, enn i *The Waste Land*. Dei er meir på line med Eliot-dikt som «De hellige tre kongers reise» (1927)⁴, der det i utgangspunktet faktisk er ein av dei tre vise mennene sine erfaringar det handlar om, utan at referansane til diktet si samtid er meir eksplisitte enn at ein sjølv må rekna seg fram til relevansen i sluttlinene:

Vi dro hjem til våre steder, disse kongerikene,
men er ikke til pass her lenger, i den gamle pakt,
med et fremmed folk som klamrer seg til sine guder.
Jeg vil være glad for enda en død.

Denne teknikken finn ein altså meir av i Sverige. For ser ein på ein roman som *Dvärgen* (1944) av Pär Lagerkvist, så er den ei skildring av mellomalderen som bare kan knytast tilbake til samtida gjennom ei allegorisk lesing. Det står ingenting om andre verdskrigen i boka. Det same gjeld diktsyklusen *Aniara* (1956) av Harry Martinson, som i utgangspunktet skildrar eit romskip som har mista retninga heim. Og det same gjeld i høgste grad for Bergmans *Det sjunde inseget*, som til liks med Lagerkvists bok er knytt til mellomalderen og til negative tildriv i menneska som gjer seg synlege der.

Men skilnaden frå *The Waste Land* er kanskje ikkje så stor likevel. For sjølv om grensa er tydelegare, så arbeider dei alle, anten dei held seg til allegorien eller skildrar kaoset som inneheld referansar til tradisjonen, med ein kunst som reflekterer ut av samtidia, og med ein kunst som føreset at ein kan komma folk direkte i tale og setta liva deira inn i ein større samanheng gjennom desse rørslene over i tradisjonen. For, som Eliot skriv i essayet «Tradisjonen og det individuelle talent», har ikkje skilnaden mellom fortida og nátida å gjera med ei kvalitativ utvikling, men derimot med at «den reflekterende nátid lar seg

jevnføre med en klar bevissthet om fortiden, på en måte og i en utstrekning som fortidens bevissthet om seg selv ikke kan oppvise maken til» (16).

Og det er her eg hentar inn mitt andre perspektiv. Jung var òg opptatt av at den menneskelege kulturen på eitt nivå er ein heilskap. Det er dette som ligg til grunn for hans teori om arketypane, at han finn att like eller liknande figurar og bilete, med det same symbolske innhaldet, i ulike kulturar og til ulike tider. Grunntanken i hans forståing av den menneskelege sjela, som han kallar det, er at det under lag på lag av ulike strukturar finst ein primitiv, allmennmenneskeleg basis.⁵ Denne basisen er arketypane, og dei to han ofte nyttar som døme, er anima og animus. Anima er kvinna i mannen, animus er mannen i kvenna.

Om me flyttar oss til *Sommaren med Monika* med utgangspunkt i desse tankane, kan me oppfatta dette som ei skildring av korleis eit normalt par, med tradisjonelle kjønnsroller, legg kulturen bak seg og kjem i kontakt med desse umedvitne sidene ved seg sjølv. Kvinna blir meir mannleg, og endar opp med å forlata familien til fordel for ein annan, medan mannen på si side faktisk endar opp i ei tradisjonell morsrolle, áleine med barnet deira.

AXEL JENSENS TIDSBILETE

Det er altså dette eg er ute etter: Sambandet mellom Hiroshima, Eliot-modernisme, allegorisk modernisme og opprør mot den borgarlege moralen.

Fire punkt ein forøvrig finn samla ganske tidleg i *Line* (1959) av Axel Jensen (1932—2003).⁶ Det kjem i løpet av seks sider, i kapittel 1 og 2 av «Andre bok: Mai», og byrjar med skildringa av at hovudpersonen og Line har sex:

Etter drinkene gjøv vi løs på hverandre. Hun var ute av kjolen bare ved noen håndgrep. [...] Bare hver gang det gikk for henne glemt hun tid og sted og alle dumme hensyn. Da klamret hun seg til meg som om hun var redd for å drukne.
Det er så rart! ropte hun. Å, elskling! Det er så rart! Det blir så stort inni meg!
Så ville jeg holde henne og vugge henne og kjenne kroppen hennes gløde mot min. Vi ville ligge der lenge uten å snakke, nesten som bror og søster. (76 og 77)

Etter å ha følgt henne heim byrjar han å skriva, i kapittel 2, ei novelle om ein overlevande frå Nagasaki. Men når han les det opp for henne, blir det bare trykkande taust mellom dei. Og då skjer det:

Men vi satt nå der og pustet og var blyge for hverandre, og til slutt tuslet jeg over til bokhyllen og fant frem «Aniara» av Harry Martinson.

Det er vel noe av det fineste som er skrevet i vårt århundre. Jeg mener, det er virkelig mystisk diktning med driv og sug, en veldig symbolsk turbin som suger sjelen ut av mørkekammeret, ikke slike atonale orgier i merkverdigheit som putrer opp av en og annen modernistisk hjerne. Det er virkelig gedigne saker.

Og så skjedde noe jeg aldri hadde håpet på. Vi satt der på divanen og leste dikt etter dikt om romskipet Aniara som spinner ut av banen og faller hjelpløst videre i tomheten, faller og faller med åtte tusen sjeler ombord.

Og hun likte det! Hun likte det!

Og mens vi leste, lente hun seg inn mot meg og jeg kjente duften av håret hennes, og så lykkelig har jeg aldri vært.

Vi reiste ut i verdensrommet sammen og erobret det. Og da vi kom til de siste versene, stod øynene mine fulle av vann og bokstavene flimret og danset gjennom tårer. (81)

Sex utanfor ekteskapet, som fører over i ein slags barnsleg uskuldstilstand. Skuggen av Nagasaki. Avvising av *The Waste Land*-modernismen. Og så: svensk, allegorisk modernisme. Ut av verda. Til ein stad som vekker samkjensla. Og katharsis.

På denne måten kan ein oppfatta Jensens roman som eit tidsbilete med den same forståinga av tyngdepunkta som dei eg legg vekt på.

HERETICA OG FYRTIOTALISTERNA

Eg er altså på veg til å skissera eit bilet av etterkrigstida der ein søker seg mot det førmoderne eller transhistoriske for å forstå, eller rettare sagt for å få perspektiv til, den menneskelege eksistensen etter verdskrigen og den store bomba. Eit bilet der Jung sine arketypar, strukturalistane si interesse for såkalla primitive samfunn og Eliot-modernismen si samanblanding av det antikke og det moderne både er impulsgevarar til og symptom på eit sams perspektiv ein legg på kulturen: eit perspektiv som gjer at «myte» blir eit moteord ein finn i *Heretica*, i Paal Brekkes kulturjournalistikk og, til sjuande og sist, i dei samtidskommentarane Roland Barthes samlar under tittelen *Mythologies* (1957). Det som ligg bak mykje av denne tenkinga er at ein, med Derridas ord om strukturalisten Claude Lévi-Strauss, som definitivt høyrer med til dette biletet, «does [...] seek [...] in ethnography [...] the 'inspiration of a new humanism'».⁷ Og det endelege provet på dette perspektivet si gjennomslagskraft finn ein på 60-talet, der tv-serien *Star Trek* med sikker sans syner fram populærkulturens evne til å gjera familieunderhaldning av gårdsdagens avantgarde. Denne science fiction-serien handlar nemleg om eit romskip som i kvar episode kjem til ein ny planet der innbyggjarane lever på ein måte me kjenner frå historia: her er romrarar, indianarar, neandertalarar og andre. Og det er typisk for denne måten å arbeida på at dei i ein av episodane, «The Alternative Factor» (1967), møter ein person som heiter Lazarus, og som passar til namnet sitt.

Men tilbake til 40- og 50-talet, og til den meir banebrytande omgangen med det transhistoriske: Ein slik tendens finn ein òg i Danmark, det av dei nordiske landa der den kontinentale avantgarden sine tydelegaste ismar hadde sterkest fotfeste før verdskrigen. Men der forkrigsforfattarar som Gustaf Munch-Petersen og Rudolf Broby-Johansen var surrealistar og kubististar gode som nokon — sjølv om det ligg føre ei viss omgrepsemessig forvirring, ikkje minst fordi termen «ekspresjonisme» på denne tida gjerne blei nytta om modernisme generelt — ser ein at forfattarane som samlar seg kring tidskriftet *Heretica* mot slutten av 40-talet går i same retning som det eg her har signalisert. Dette ser ein tydeleg om ein går til antologien *Heretica*, som Ole Wivel redigerte i 1962. I føreordet skriv han mellom anna, om dei første åra:

Man maa erindre, at det var i selve livsfølelsen, unge dengang følte sig ramt, med al ungdoms fortvivlede drøm om renhed midt i en rå, umenneskelig tid — og drømmen om en genfødelse af mennesket er da ledemotiv i den dystre digtning og naive kulturkritik. At overvinde krigen i sit eget sind og krigsoplevelsernes trauma i digtningen var det man vilde — man vilde i den genskabe billede af mennesket, som var blevet knust.⁸

Her ligg òg, så vidt eg kan forstå, eit viktig signalement av kva som hender med forma på denne tida: For når Wivel talar om at «en næsten religiøs forventning om kulturens frelse og genfødelse af den faldne europeiske aand brænder i tidens prosa og lyrik» (15), så er det klart at den opplysinga og splittinga som surrealismen uttrykker gjennom forma, ikkje lenger er ønskeleg når det er det motsette ein søker seg mot.

Og sjølv om synet på sambandet mellom litteraturen og samfunnet etter kvart endrar seg, så er det i alle fall foreløpig etablert eit interessefelt me kan kjenna att. Sjølv om utforminga for Wivel sin del, i dikt som «Nytaar», vel snarare er tankedikt enn allegori:

Menneskeoprejst, midt i en verden af død,
fri, skønt bundet til disse fortabelsens marker,
foler jeg kraften og vandrer imod dens ophav.
[...]
Først naar du overskridet din smertes grænse,
eller som frøet hvirvler på klare vinger
mod dybet, dør du og fødes paany.⁹

Her, som i klassikaren «Lazarus», er sambandet mellom det transhistoriske og nátida eksplisitt. Men altså mykje meir innanfor rammene av tankediktet enn det ein til dømes møter i Per Højholts to første diktsamlingar, som skil seg sterkt ut frå hans seinare forfattarskap, og som gjerne blir oppfatta som «hereticanske».¹⁰ Sjá til dømes på dette diktet, frå debutsamling *Hesten og Solen* (1949):¹¹

Om sommeren sker det

Om sommeren sker det
athestene begiver sig til havet.
Staar med sækdede hoveder foran den veldige ager.
Prøver at græsse, men vender forundret tilbage
med mankerne hvide af skum.
Den udslagne dag tumler de sig som klodsete børn,
vrider de blanke kroppe i solen.
Senere gaar de paa sandet
og hører havet vokse.

Dette diktet knyter seg, som me ser, til dei to eldgamle symbola i samlingas tittel: sola og hesten, det kosmiske og det kroppslege. Og me merkar oss at diktet nyttar desse to bileta som utgangspunkt for å bygga opp ein allegori som samstundes er ei treledda antropomorfisering. Først oppfører hestane seg som nyfikne barn. Så blir dei samanlikna med barn, i ein simile. Og til slutt gjer dei sjølv ei tilsvarande assosiativ samankoppling mellom seg sjølv og det andre, idet dei oppfattar havet som noko i vekst.

Det er, som ein sikkert forstår, denne siste strategien som synest å ha mest å gjera med den reinskorne forma for allegori me var inne på i samband med Bergman ovanfor. Og som kjem til å spela ei vesentleg rolle når me etter kvart skal nærma oss Jacobsen, Vesaas og Hauge. Men samstundes er det òg, frå ein norsk synsvinkel, viktig å vera merksam på dette med tankediktet. Som ein forøvrig òg finn i Sverige. Her vil eg nytta høvet til å visa til Brekkens artikkel «Fyrtialistene i dag» (1955),¹² der han først og fremst skriv om Erik Lindegren og Karl Vennberg. Lindegren står ifølge artikkelforfattaren for «en mer estetiserende holdning» (153), medan ein hos Vennberg møter «den ofte rendyrkede tankelyrikk» (155).

Som døme på det første nyttar han dette sitatet (154):

ett eko mellan tvenne speglar ...
ett vindens hittebarn
som i det mörka ögat
nyckfullt ristar, ristar ...
sitt abstrakta mönsters
ariadneträd? ¹³

Og som døme på det andre, på Vennbergs tankedikting, dette (156):

Här är vi ännu kvar.
Med skådande ögon.
Med livets förbränande
sötma på vår tunga.

Här är vi ännu kvar.
Som i en klädnad av ljus.
Som i ett löfte.
I en sökande flykt
som humlans på hennes första vårdag.¹⁴

For den norske lesaren er dette verdt å merka seg. For det er noko med fråsegnssubjektet sin posisjon her som ein ikkje er van med å knyta til omgrepene «modernisme». Desse fråsegnssubjekta skildrar splitting, men er ikkje splitta i høve til det dei skildrar. Dei overskodar situasjonen. Og dei formildar sine eigne kjensler og tankar ikkje som objekt, som heilskapar som står framfor dei, men i staden som kompleks der det uttrykkande subjektet er involvert og fungerer stabilisande. Dette er, kort sagt, diktsekvensar som dersom dei var norske truleg hadde fått merkelappar som «romantisk farga» og «metafysisk orienterte» klistra på seg. Mellom anna, vil eg påstå, på grunn av den manglande kjennskapen til svensk og dansk lyrikk frå denne tida.

Når det vidare gjeld Brekkens ganske omfattande presentasjon av den nordiske litteraturen på denne tida, så må det nemnast at han òg er inne på dei to alternative aspekta eg knytte til Bergman-filmane ovanfor.

Om *Aniara*, som han omtalar som «et av de rikeste, mest følelses- og tankeprovoserende diktverker som er kommet i Norden i vår annen etterkrigstid» (152), skriv han at boka kan «minne om et annet, mer internasjonalt berømt poetisk tidsoppgjør; jeg tenker på 'Det golde landet' av T.S. Eliot» (150). Dette er det største komplimentet Brekke kan

gjeva ei bok. Men det er altså ikkje på grunn av forma, som står «fjernt fra den eliotske konsentrasjons- og allusjonsteknikk» (151). Poenget er at ho, som *The Waste Land* — og, vil eg legga til, som *Det sjunde inseglet* — «retter [...] sitt budskap direkte til oss som lever nå [...] med sin visjon av en menneskehett, stilt utenfor all sammenheng, med alle røtter revet opp, og alt åndelig liv syknende hen» (150). For Brekke er det den uttrykte samfunnskommentaren som er saka. Og det gjeld også når han skriv om *Dvärgen*, som ifølge Brekke er forståeleg fordi ho er «skrevet i en krigstid» (127). Ser ein ikkje boka mot ein slik bakgrunn, blir ho for utsydeleg. Og når han skriv om Vesaas sin lyrikk, der det er *Leiken og lynet* (1947) som etter Brekkes syn er den beste samlinga, fordi ho «har en viktig samtidssrelevans», og presenterer «motkrefter» til «vår tids verdensbilde» (40). For i denne boka nemner Vesaas Hiroshima. Dei seinare samlingane, som inneholder den typen allegoriar me etter kvart skal sjå nærmare på, er ikkje Brekke like interessert i. For desse samlingane har, med Brekke sine ord, «ikke den samme tematiske helhet, den samme konsentrasjon omkring et kunstnerisk og etisk egasjement» (40). Men Brekke erkjenner altså at han finst, at han fanst, «all den billedlyrikk som han (og andre) fornyet oss med dengang» (41).

Så langt den reinskorne allegorien. Den andre filmen eg var innom, *Sommaren med Monika*, knytte eg til det same Brekke finn hos Jens August Schade: «Han [...] omskaper menneskene i drømmens bilde [...], der de kan utfolde seg i dyrisk og gudommelig frihet, han prediker den fullkomne, absolute seksualutfoldelsen, som i kontakt med det 'mystiske' også blir den høyeste, ja, *selve* den menneskelige livsutfoldelsen» (146). Dette siste bare for å peika på at det også på denne tida, på 50-talet, var klart at dei strategiane eg vel å ta utgangspunkt i eksisterte.

Og la meg også få skyta inn, sidan eg alt har peika på samband mellom det nordiske og det internasjonale, at ein innanfor biletkunsten finn att mykje av det same som me har sett på her. Eg tenker på refleksjonar over krigen sine lidingar, som i Picassos «Massakre i Korea» (1951). Og eg tenker på den strategien med å ta i bruk ikoniske bilete frå den førmoderne verda, som i Francis Bacons pavebilete frå tida kring 1950. Dessutan, apropos vendinga vekk frå den moderne verda og over i den tydelege og stiliserte allegorien, finn ein i særleg amerikansk malekunst utover på 50-talet ei retning innanfor den abstrakte ekspresjonismen som ein gjerne kallar «mystisk»,¹⁵ og som etablerer tydeleg retorisk lesbare eller allegoriske bilete som er knytte til kosmiske eller djuppsykologiske symbol. Her tenker eg på folk som Adolph Gottlieb, Mark Rothko og Franz Kline.

BREKKE, CHRISTIE, JACOBSEN

Så er tida endeleg kommen til den norske lyrikken. Og eg tenkte å byrja med det tvillause, med Paal Brekke og Erling Christie.

Brekke er den store Eliot-modernisten, det er nå visst alle samde om. Sjølv om det derifrå og ut kan vera skilnader i kva ein legg i det å vera Eliot-modernist. I ein artikkel der han samanliknar dikt av Brekke med dikt av hovudmotstandaren i tungetale-debatten, Arnulf Øverland, nemner Andreas G. Lombnæs at Brekke nyttar «avantgardetrekk som montasje, sammenstilling av uensartede språkbrokker». ¹⁶ Og Lombnæs har heilt rett i at Brekke «resirkulerer og omfunksjonaliserer kjente mytar, først og fremst bibelfortellingar

og folkeeventyr» (170). Det er ikkje for ingenting at diktet det er snakk om, heiter «Et dikt om Lazarus» (1957).

Men det er ikkje snakk om at denne religiøse referansen gjev diktet ei transcendental, metafysisk forløysing: «for alt er meg», som det står i diktet.¹⁷ Og derfor blir innsettinga av det religiøse bare til ei peiking mot den plassen der det nå er tomt, den plassen mennesket sjølv må fylla. Som Lombnæs uttrykker det: «Mens den førmoderne verden er skapt av Gud, er den moderne verden avhengig av den som erkjenner den, og som derved i en viss forstand avløser Gud som skaper» (133).

Slik sett er Brekkes modernisme avromantisert romantikk, som ein gjerne kallar det i tradisjonen etter Hugo Friedrichs negative kategoriar.¹⁸ Som i *The Waste Land* er det tale om ein kunst som syner fram ei kaotisk verd, framstilt som montasje, der det finst restar av den førmoderne heilskapen (sjølv om Eliot altså er katolikk).

Det same kan ein truleg seja om Erling Christies (1928—1996) debutsamling *Døm om havet* (1954), den som var utgangspunktet for mannjamninga mellom Øverland og modernistane. For her finn ein også ein religiøs overtone, til dømes i eit dikt som «Katedral». Og igjen er det snakk om speglingar utover, idet den tome katedralen nå huser «ekko i tomme kor / av lengst forstummede bønner».¹⁹ Og i etterordet til Christies *Dikt i samling* kommenterer same Lombnæs dette diktet med formuleringar om tapet av moglegheit for transcendens, og kunstverket som staden der dette nå gjer seg synleg, som fravær. Men hos Christie er ikkje den collage-aktige oppsplittinga særleg påfallande (170—171). I alle fall ikkje om ein samanliknar med *The Waste Land*, eller med Brekkes noko seinare *Roerne fra Itaka* (1960). Ein nærmar seg i staden den mykje meir endeframme skildringa ein finn hos ein Rolf Jacobsen (1907—1994), til dømes i opningsdiktet «Pavane»²⁰ i *Hemmelig liv* (1954):

Pavane

Pavanen, denne sære påfugldansen
som infantinnen Isabella danset
med don Juan Fernandez av Castilien
den siste natt før døden gjestet slottet
— likblek og merket alt av kalde finger
men kledd i påfuglprakt og med stive
bizarre skritt som om de alt var døde
— den samme dans som Spanias dronning danset
med hjertet tungt av frykt og halvt forstenet
av tung brokade, pomp og etikette
lik hård emalje om det ville hjertet,
— er det den samme dans som havet danser
med skyene derute, denne stumme
forstemte lek med skyers påfuglhaler
og havets brutte skritt i tung brokade
mot øde himmelhvelv — slik danser havet
til dump musikk en ødslig dans med skyer.

Her er me ikkje langt frå Bergmans skildring av livet før undergangen. Men samstundes med ein sær tydingsfull skilnad: Det er ro, ikkje panikk, i førebuingane for undergangen.

Det er vel derfor det oppstår eit samband mellom den spanske dronninga og dei evige rørslene på himmelen, i ei spegling frå ei tilkjempa ro i det ytre.

Ei tilkjempa ro som forøvrig får svar der sirkelen lukkar seg, i samlingas sluttdikt, «Stavkirker». For der er det òg snakk om ei tid fylt av angst og redsle, men angst og redsle som ligg skjult under overflata, som er *Hemmelig liv*, for å sitera tittelen.

Spansk mellomalderdronning og norske mellomalderkyrkjer, altså, som utleggingar av korleis den skrekkslagne nå som før møter den sikre døden med verdig haldning. Og som hos Brekke og Christie er det referansar ut av samtida og inn i det førmoderne.

Og her er ein, til skilnad frå Brekke og Christie, men til liks med Bergman, over i tekstar som bare kan knytast til samtidia gjennom allegoriske overføringer. For i begge dikta er det to tydingsflater. Men det er altså skyene den spanske dronningas dans før døden metonymisk, assosiativt blir kopla saman med. Og stavkyrkjene blir haldne saman med Columbus. Så det er først gjennom lesaren si tilføring av ei tredje flate, nátida, at angstens i dikta kan knytast til helvetesmaskina frå Hiroshima.

Derfor er det ei meir heilskapleg overskridning det er snakk om. Samkjensla med redsla i mellomalderen fører til ein identifikasjon ut av moderniteten, og ikkje til ei peiking mot den asymmetrien mellom det moderne og det førmoderne me fann i den tome transcendensen hos Brekke og Christie.

VESAAS

Hos Vesaas (1897—1970) er tidsnivåa elles meir uklare. I *Lykka for ferdesmenn* (1949)²¹ er det nemning av søppelsjakter, i ei skildring av ein smågut som kjende at det «gruste» i då når han sat og høyrdé søppelet falla ned for å bli brent (i eit høghusmiljø som elles er utypisk for Vesaas). Og han har gått ut for å oppleva dette etter at han «hadde høyrt, / endå ein gong, om helvete / og forbrenningslogane» (98). Det er såleis ei overføring frå nátida til nedstiginga til helvete det er snakk om. Men den metonymiske koplinga er altså knytt til forteljinga om helvete, den religiøse forteljinga må me tru, så det er den førmoderne førestellingsverda som opnar for overskridinga. Det er ikkje motsett. Det er ikkje samtidia som fører tankane mot det arkaiske.

Hos Vesaas kan det nemleg synast som om det er eit arkaisk erkjenningsmønster som gjer seg merkbart her og nå:

Ormens veg over berget

Det solvermde berget
har slette linne kuv
og heite skränande sider
— ingen går der for sitt liv.

Ingen har møtt noken.
Aldri var der spor i steinen.
Aldri har lyngen rasla.
Berget skin av gru.

Som isande gliding
over ein heit barm —
men eit berg er stumt,
ikkje ropar eit berg ut noko
før dagen er der
då både berg og skyer skal rope.
O[gl] ormen skrid over,
slipar langsamt berget
i sine gjeremål,
og fuglen som skal i suget
syng

Her er me i nærleiken av den typen allegori me møtte hos Per Højholt: Bileta er i utgangspunktet transhistoriske, og tangerer tydingsmønster som har gjort seg gjeldande sidan antikken. Og diktet kan, som Idar Stegane har peika på, knytast til Det gamle testamentet:²²

Det er tre ting som er underfulle for meg,
og fire som eg ikkje skjønar:
ørns flög over himmelen,
orms veg over berget,
skipa veg på havet
og manns veg til ei ung kvinne.
(ordt 30,18—19)

Diktet tar altså utgangspunkt i noko som er ei gáte, jamvel i Bibelen. I skildringa av motsetnaden mellom fuglen og ormen ligg det noko som har med det menneskelege å gjere, men som «bøyninga inn» av det formoderne ikkje gjev svar på. I alle fall ikkje direkte. For om det finst ei forklaring, så ligg ho snarare i den jungianske forståinga av arketypar: Fuglen markerer overgangen mellom det jordiske og det overjordiske, visjonære og lyse. Ormen markerer overgangen mellom det jordiske og det underjordiske, det dyriske og mørke.²³ Men overskridinga av grensa mellom dei to overskridingane inntreffer ikkje. Fuglen syng til slutt, om at han «skal i suget». Men der sluttar diktet altså. Dei to overskridingane, som ifølge jungianarane kan sameinast i Hermes-figuren, det vil seia menneskeskapnaden med fuglevenger og ein stav med ormar, inntreffer ikkje.

Framhaldet kjem ikkje før i *Båten om kvelden* (1968), ei bok Dag Solstad finn prega av forfattaren «har hatt et enormt behov for å bli forstått», og der han «går lenger enn noengang i å fortolke sine egne bilder».²⁴

I alle fall: «Brann på botnen»²⁵ handlar om ein mann som «er eit hjelpelaust fuglehjarte som har leti seg lokka» til å gå opp til ormen på det blanke berget (228). Og der, når dei står overfor kvarandre, når fuglen og ormen møtest, inntreffer gudsmanifestasjonen: «Ingen av dei rører seg. Elles kan ingenting leggast fram. Der skjedde lynsnare ting før dei kom i brann. Frå den eine til den andre og tilbake» (229). Han kjem i brann, som den brennande busken, og er nå knytt til den doble overskridinga: «det lägre gräns-överskridandet från underjordiskt ormmedvetande passerar den mellanliggande jordiska verkligheten och överskrider slutligen gränsen till den övermänskliga eller överpersonliga verkligheten i sin bevingade flykt», som det heiter om Hermes-figuren.²⁶

Og sjølv om ein ikkje «trur på» den jungianske analysen, til dømes med referanse til at han ganske grundig er tilbakevist som terapiform, så har han altså spelt ei stor rolle på denne tida. La meg minna om kva Asbjørn Aarseth skriv i *Lyriske strukturer*, frå 1968:

En kan komme i skade for å tolke arketyptiske mønstre inn i tekster som gjerne har sine viktigste betydninger på helt andre plan. Det er klart at en analyse som koncentrerer seg om perifere trekk i teksten, ikke kan resultere i noen adekvat tolkning av tekstens mening. Men på den annen side er det like innlysende at det finnes diktverk som gjør det naturlig for analytikeren å gripe til Jungs arketypebegrep eller tilsvarende teorier. Den som ved analysen av slike verk unnlater å utvide perspektivet i den etningen som her er antydet, kan gå glipp av vesentlige sider av verkets betydningssystem.²⁷

Med eit slikt utgangspunkt kan ein oppfatta teksten i *Båten om kvelden* som ei peiking mot ei slik «rett» tolking av «Ormens veg over berget».

HAUGE

Frå dette meir overgripande perspektivet på 50-talet er tida kommen til å gå inn på ei meir utførleg lesing av eit einskild dikt. Valet har falle på denne antologiklassikaren, frå Olav H. Hauges (1908—1994) tredje diktsamling, *Seint rodnar skog i djuvet* (1956).²⁸

Vårsjø

Det er noko uhugleg i gāva hans,
det er noko ilt og framandt
i den flaskegrøne grønska
som vårsoli ikkje vil vita av:
grønt grott or ei onnor verd,
med røtatev av gyrmē og dysk
av botn og sleip stein og tangfløkje
krabbande upp
or svarte djup.

Og det er sant, den grøne fløyelsborda
han prøver å gjeva dei blakke strendene,
er vovi under is.
No har dei smørblom og gras
for lenge sidan, tenkte han.

Men i skymringi lyser hjartelaget hans,
ei grøn borde av mjukt fløyel
um frosne lond.
Og vevaren har drege seg vårt attende
og lagt augo att.

Diktet etablerer ein motsetnad mellom det over og det under vassflata, mellom det synlege og det usynlege. I løpet av dei tre avsnitta skjer det så ei utveksling. Sjøen legg planterestar frå botnen att langs med land. Og dette er fanga inn gjennom ei utlegging av to syklusar,

to sirkelstrukturar som overlappar kvarandre i diktet: flo og fjøre og årstidenes veksling. Me merkar oss at tittelen peikar mot begge desse, både mot «vår» og «sjø».

Utvekslinga eller utjamninga finn ein att på fleire plan i diktet. Mellom anna er det slik at det første avsnittet har ein isolert struktur, medan dei to neste er relativt like. Frå sju lange etterfølgd av to korte liner, går diktet vidare til to avsnitt på fem liner kvar, der i alle fall dei første tre linene motsvarar kvarandre. På denne måten blir diktets lesertyme ei rørsle mot det forventa, mot det avklara og harmoniske. Samstundes er denne progresjonen på eit eller anna nivå motverka, gjennom den bølgjande rørsla diktet som heilskap etablerer. Rørsla oppover i første avsnittet og nedetter i siste, skapar ein kontakt mellom byrjinga og slutten. Ein kan seja at dei etablerer grenser først og sist i diktet, at dei gjev diktet ei markert byrjing og ein markert slutt.

I det første avsnittet er den antitetiske oppstillinga dominerande. Sola og sjøen er stilt overfor kvarandre. Og desse to ytterpunktene i diktet kan ein knyta til elden og vatnet, til to av dei tradisjonelle grunnelementa i tilværet. Formuleringa «grønt grott or ei onnor verd» som skildring av lausrivne planterestar frå havbotnen, markerer den enorme distansen det er lagt inn mellom dei. «[O]r ei onnor verd», som om dei var knytte til eksistensar som ikkje hadde noko med kvarandre å gjera i det heile.

Samstundes er det òg ein indre motsetnad, knytt til sjøen si side av polariteten. Formuleringa «gåva hans» står i skarp kontrast til formuleringar som «uhugleg» og «ilt og framandt». Av desse er det «gåva» som peikar framover i diktet, men elles er dette avsnittet heilt klart dominert av den motsette sida. Ein kan seja at diktet opnar med å stå på sola si side, skodande ned på dette som kjem «krabbande upp / or svarte djup», på dette som vel nærmast blir likna med eit monster.

Elles er det verdt å merka seg at det menneskelege heilt umerkeleg glir inn i diktet i løpet av sekvensen. Orda «uhugleg», «ilt og framandt» og «ikkje vil vita av» peikar heilt tydeleg mot eit vurderande medvit. Som me ser er dette medvitet plassert på solas side, som det altså er råd å oppfatta som den dominerande på dette punktet, jamvel om òg ordet «gåva» peikar mot ein menneskeleg intensjonalitet.

Men kva inneber denne antropomorfisinga? Er det slik at sola er eit bilet på eit menneske? Eller er det utsegnssubjektet i diktet som projiserer menneskelege eigenskapar inn i sola han skildrar, slik at han påfører omverda noko av det som kjenneteiknar han sjølv? Me skal ikkje gjeva noko eintydig svar på dette her og nå. Og kanskje er det heller ikkje nokon særleg stor skilnad på desse to. Men det må i alle høve vera rett å seia at det menneskelege er til stades på eit eller anna nivå. Ikkje minst viktig er det i denne samanhengen at det menneskelege er til stades gjennom diktets status som språkhandling. Som me etter kvart skal sjå, kjem den menneskelege manifestasjonen gjennom språket til å innta ein sentral posisjon i diktets vidare progresjon.

Ved inngangen til andre avsnittet skjer det ei vending i diktet. Det som tidlegare er sett frå utsida, blir nå observert frå ein meir innlevande synsvinkel. Formuleringa «[o]g det er sant» refererer nok til formuleringa «grønt grott or ei onnor verd» i førra avsnittet. Men den vidare skildringa av planterusket er som me ser av ein ganske annan karakter enn tidlegare, jamvel om den menneskelege vurderinga framleis er til stades. Den ufyelege «gåva» har blitt til «den grøne flyølsborda».

Her kan det vera grunn til å merka seg at det er den konkrete skildringa av taren som er knytt til den negative opplevinga, medan dei biletlege er knytt til det positive. På denne måten blir det menneskelege medvitet, den menneskelege identifiseringa plassert på det menneskeskapte biletet si side. Samstundes merkar me oss at det ikkje er sola, men derimot «dei blakke strendene» som er mottakarar. Den redsla eller motstanden som blei skildra i første avsnittet, var med andre ord ikkje knytt til rette vedkommande. Og det å gjeva «fløyelsborda» til «dei blakke strendene» må ein oppfatta som ei overføring med klart positiv valør.

Elles merkar me oss at det som «er sant», er at fløyelsborda «er vovi under is.» Med dette svaret på «ei onnor verd» er me i ferd med å nærma oss ein dialektikk mellom klassiske bilet på død og liv, høvesvis kulda og varmen, isen og sola. Og ved dette punktet, etter at diktet har vendt seg frå sola mot sjøen, kjem den formuleringa som skaper ei heilt tydeleg samansmelting mellom utsegnssubjektet og sjøen. «No har dei smørblom og gras / for lenge sidan, tenkte han.»

Med dette har me flytta oss heilt ned og heilt inn. Men legg merke til at denne fullføringa av rørsla, denne kontakten mellom mennesket og sjøen, samstundes presenterer oss for ein identifikasjon mellom sjøen og landjorda. Det må vera rimeleg å sjå det slik at sjøen har lege under is og førestelt seg at det var sommar på landjorda, og så har han laga vokstrane sine for å utlikna skilnaden mellom det over og det under. I høve til det klassiske biletet av isen som død, kan ein vel seja at det i det døde har eksistert ein vilje til å oppstå, til å bli levande. Og denne viljen må ein, saman med tankeskildringane, oppfatta som heilt tydelege antropomorfiseringar. Parallelt med sjøens identifisering med landjorda, har utsegnssubjektet kome til eit punkt der distansen til den skildra sjøen er lik null. Diktet har skrive seg inn til eit total-identifiserande nivå, der dei menneskelege refleksjonsformene (tanke og diktskriving) fungerer overskridande og syntetiserande i høve til røyndomen.

«Men» opnar dette siste avsnittet, som om det braut med det som hadde stått før. Dette er paradoksalt, for så vidt som det ikkje er det. Formuleringa «ei grøn borde av mjukt fløyel» peikar jo heilt direkte på byrjinga av førre avsnittet, og skulle for så vidt ikkje gjeva nokon grunn til eit «Men». Meir meining i dette blir det truleg om ein knyter «Men» til den misforståtte førestellinga om «smørblom og gras». Og då blir dette avsnittet rett og slett å oppfatta som ein motsetnad til det han trudde: Han trudde at han låg etter, men nå viser det seg at «hjartelaget hans» er «ei grøn borde av mjukt fløyel / um frosne lond». Sjøen endar opp med å vera den som lindrar det andre, som endå er knytt til isen, til det stivna, kalde og døde. Med dette er heile polariteten i diktet snudd. Det under vassflata som i utgangspunktet blei skildra som framandt og negativt, endar opp med å vera det positive, samstundes som det over vassflata blir knytt til det negative.

Fra denne rokaden dreg «vevaren» seg så tilbake. I biletet av borda er dette naudsynleg, i og med at det er flo og fjære som gjer det mogleg for sjøen å plassera noko utanfor seg sjølv. På denne måten får diktet det doble perspektivet som blei nemnt ovanfor, mellom den store syklusen (året) og den vesle (døgnet). At han legg «augo» att er ei dobbel formulering, og det er ikkje lite treffande at dei to tydingane peikar mot høvesvis plantelivet og menneska. Den mest rimelege forståinga er kanskje at det er knuppar til nytt liv som

ligg plasserte ute i strandkanten. Men ei slik forståing genererer ikkje noka openbar forståing av siste lina. Kanskje er det rettast å oppfatta dette som ei ny misforståing frå sjøen si side: No trur han at han kan gjeva sine eigne vokstrar til landjorda, at våren på landjorda kan starta gjennom tang og tare?

I høve til den lesinga som er skissert her, skulle det vera heilt tydeleg at dette diktet har ei allegorisk side, men at det ikkje er openbart kva allegorien går ut på. To storleikar er stilt ovanfor kvarandre, og det skjer noko ein må kunna oppfatta som både ei omposisjonering og ei utveksling innan denne polariteten. Diktet har noko med det menneskelege å gjere, utan at det er heilt klart kva det er. Men gjennom antropomorfiseringane oppstår det ei heilt eintydig oppfatting av at dette diktet kommuniserer meaning. Kanskje kommuniserer diktet den kommunikasjonen som ikkje lenger er mogleg? Kanskje vender diktet seg bort frå menneska, for gjennom det å peika på at det er noko heilt sentralt i den menneskelege identiteten som ikkje let seg formidla menneske imellom? Kanskje skal ein oppfatta dette som kjem «krabbande upp / or svarte djup» som eit bilette for den psykologiske avgrunnen alle menneske ber i seg?

Det paradoksale med ein analyse som dette, er at konklusjonen i alle høve må bli at allegorien ikkje peikar mot noka eintydig meaning. Forfattarskapen til poetar som Hauge og Vesaas er dominerte av langt frå eintydige biletstrukturar. At dei let seg forstå på ein måte, er jo ikkje til hinder for at dei òg let seg forstå på ein annan. Slik sett må ein kunna oppfatta dei som brukarar av ein allegorisk praksis utan den tydelege referansen som ein jo i utgangspunktet skulle tru at var ein føresetnad.

Frå ein mytologisk synsstad er det råd å sjå «Vårsjø» i samband med den antikke, greske gudelæra. Apollon er solgud, og han drap menneske som forsøkte å innta gudeheimen.²⁹ Han heldt òg ákrane frie for kornrust og markmus (50). Dionysos var halvt gud og halvt menneske, og han vaks opp i havet (97, 99). I hans skapnad såg grekarane mellom anna ei biletleggjering av sambandet mellom livet og døden i tilværet (98). Ifølge mytologien kjem Dionysos tilbake til menneska om våren, då han kjem tilbake frå elementet sitt (102). Og, som Eirik Vandvik uttrykker det: «liksom havgudar flest har han ei merkeleg evne til å skape seg om» (102). Her kan det i tillegg nemnast at både Apollon og Dionysos var gudar for kunst, og at *det apollinske* og *det dionysiske* i nyare tenking — det vil seia i tradisjonen frå *Tragediens fødsel* (1872) av Friedrich Nietzsche — blir knytt til høvesvis det synlege og det usynlege, det medvitne og det umedvitne. Ein kan hevda at Dionysos er guden for det formlause, for det som når utover seg sjølv, og at Apollon er guden for den biletlege attgjevinga. Og i dette motsetnadsparet er det jo at me finn vårt dikt, som ligg i skjeringspunktet mellom den biletlege attgjevinga og det ein berre kan forstå intuitivt.

Nå nemner eg ikkje dette for å gjera ein påstand om at «Vårsjø» med naudsyn må oppfattast som ein dialog med antikk mytologi. I staden er det sambandet mellom den mytologiske tenkinga og den allegoriske biletskapinga eg er ute etter. Den religiøse, rituelle eller mytologiske tenkinga er utgangspunktet for den nyare allegoritradisjonen. Og sjølv om dikt som «Vårsjø» ikkje på same måte som til dømes «Pavane» fungerer som ein kommentar til samtida, så har det sin føresetnad i den same interessa for det transkulturelle som me har konstatert hos dei andre nordiske forfattarane frå denne perioden.

NÆRMARE OM HØGMODERNISMEN

Ser me nærmare på Eliots tankar, slik han formulerer det i essayet «Ideen om et kristent samfunn», så nyttar han her ordet «negativ» om det moderne samfunnet. Med dette «negative» siktat han til at det ikkje lenger er slik at «hele samfunnet kan kalles kristent», sjølv om samfunnet heller ikkje har gått over i noko anna (43). Det «negative» samfunnet har ein rest av kristendom i seg som for meg synest å svara til dei «negative» kategoriane Hugo Friedrich opererer med i høve til moderne lyrikk, det vil seia som ei peiking mot noko som ikkje lenger er der.

Det som manglar i den moderne lyrikken, er, som Friedrich har peika på, den romantiske innsettinga av idealiteten. Dette eksisterer nå bare negativt, som ei peiking mot punktet der ein tidlegare fann denne idealiteten. Og det som manglar, i Eliots forståing av det moderne samfunnet, er den totalitære eller fundamentale erkjenninga av religionen. For Eliot har altså samfunnet som perspektiv. For han handlar det ikkje om at folk har slutta å vera kristne, for det er det framleis mange som er, men om at samfunnet ikkje lenger er tufta på kristendommen.

Derfor er han, slik eg forstår det, modernist sjølv om han er kristen. Fordi han tar utgangspunkt i eit samfunn som ikkje lenger er kristent, som ikkje lenger har ei religiøs overbygging. I denne skildringa av det kristne som noko som gjer seg gjeldande i eit samfunn som er sekularisert, syner han likskap med Batailles tankar, slik dei kjem til uttrykk i *Erotismen* (1957), om at den religiøse dimensjonen ved erotikken har flytta inn i den arbeidande kvardagen, og at erotikkens potensial til overskridning, og til kontakt med den religiøse urgrunnen, har gått tapt. Ikkje fordi Eliot synest opptatt av erotikkens frigjerande potensial, men fordi det i dette ligg eit samband mellom Eliots kristendom og Batailles erotisme: Dei føreset begge at det religiøse har mist sin opphavlege funksjon.

Frå dette kan ein så gå vidare, og oppfatta både Eliot og Bataille som talsmenn for ei overskridning av det moderne samfunnet. Peikinga mot den tapte tradisjonen og mot erotikken får eit aspekt av dissonans ved seg, fordi dei begge skildrar noko som er tapt. Så kan ein truleg gå vidare derifrå, og seia at Eliot søker seg mot den før-protestantiske kristendomen, det vil seia mot katolismen, medan Bataille går endå lenger, og søker seg mot såkalla «primitive» religionar, der offer og orgiar spelar ei rolle.

Men, og dette er hovudpoenget: Denne dissonansen, dette brotet med det nåverande samfunnet, er ikkje med naudsynt knytt til oppløyst form, men snarare til ei innsetting av peikingar mot nokre heilskaplege opplevingar av tilværet. Og slik, med eit meir idé- enn formorientert blikk, kan ein følgjeleg finna modernisme som ikkje uttrykker seg gjennom modernistisk form, det vil seia gjennom oppløysing av sentralperspektivet. Den kan uttrykka seg slik òg, sjølvsagt. Men det er ikkje naudsynt. Og problemet, frå den som vurderer sitt synspunkt, er at det er vanskeleg å sjå tydelege skilje mellom romantikken og denne forma for modernisme, som ein godt kan kalla høgmodernisme. Forståinga må søkast i konteksten. For her kan ein skilja mellom tre ulike fasar, som eg vel å karakterisera på denne måten:

1. romantikk, der idealiteten står ved lag.
2. tidleg modernisme eller avromantisert romantikk, der skildringa av oppløysinga står sentralt.

3. høgmodernisme, av-avromantisert romantikk, der ein på ny søker seg mot idealitet, men nå som reaksjon på den tidelige modernismen, det vil seia utifrå ei førestelling om at introduksjonen av det gamle samstundes er ein introduksjon av noko nytt.

